

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland



Innhald

Forord	5
Del 1	6
Oppland – landskap og kulturhistorie	7
Del 2	14
Omtale av dei enkelte landskapa	15
1. Dovrefjell	15
2. Grimsdalen	20
3. Dalbotnen i Lesja	24
4. Strynefjellet aust	28
5. Nordherad	32
6. Bøverdalen	36
7. Tesse og Smådalen	40
8. Heidal	44
9. Gjende og Sjødalen	48
10. Dokkfløy, Espedalen og Murudalen	52
11. Frya – Harpefoss	56
12. Vinstre	60
13. Filefjell aust	64
14. Stølsvidda	68
15. Vassfare	72
16. Randsfjorden	76
17. Balke – Lillo og Kapp	80
18. Granavollen, Tingelstadhøgda og Røykenvik	84

Riksantikvaren 2023

Stikkord / kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse,
KULA-område Oppland, landskap, kulturmiljø

Riksantikvaren
Pb. 1483 Vika, 0116 Oslo
Besøksadresse / Dronningens gate 13
Tlf. / 22 94 04 00
Faks / 22 94 04 04
E-post / postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Design: fetetyper.no
Layout: Aksell.no

Forsidefoto: På veg langs Kongevegen over Hardbakken på
Dovrefjell møter ein Allemannsrøysa. Vegfare er dessutan
ein del av dagens tilrettelagde pilegrimsveg mellom Oslo
og Nidaros. Utsikt mot Snøhetta bak.
Foto: Kjetil Rolseth, Innlandet fylkeskommune



Tingelstad gamle kirke, ei romansk mellomalderkyrkje frå 1200-talet, og gardsbygningar på Tingelstadhøgda i Gran. Til høgre ser vi Den bergenske kongevegen, som følgjer høgderyggen over Granavollen og Tingelstad. Her går òg dagens pilegrimsveg. Det same motivet er fanga av fotografen ein vårdag i 2007 og ein vinterdag i 2015. Foto: Oskar Puschnann, NIBIO

Forord

Landskapet er som ei levande historiebok. Det fortel om liv og verksemd i Noreg slik det ein gong var, om endringar gjennom tidene, og om korleis det er i dag. Spora etter menneske finst overalt i landskapet – i det opne jordbrukslandskapet, i skog og mark, på fjellet og i byar og tettstader.

Landskapet har alltid vore i endring, men i vår tid skjer endringane så fort og i så stort omfang at viktige verdiar og ressursar står i fare for å gå tapt. Utfordringa er å forvalte landskap på ein måte som både bevarer det, sikrar ein formålstenleg bruk og vidareutviklar det i eit langsiktig perspektiv.

For å bidra til å ta vare på, og opplyse om, nasjonalt viktige landskap utarbeider derfor Riksantikvaren ei landsomfattande oversikt: *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* (KULA). Dette er eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og blir gjennomført i nært samarbeid med regional kulturmiljøforvaltning og med involvering av kommunane. KULA er eit kunnskapsgrunnlag for planlegging, og betyr ikkje eit formelt vern eller freding. Med oversikta over KULA-landskap signaliserer kulturmiljøforvaltninga tydeleg kva for landskap som har nasjonal interesse, og ønskjer med dette å bidra til ei meir føreseieleg arealplanlegging.

Gjennom arealplanlegging er kommunen den viktigaste forvaltaren av landskap. For å sikre at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet blir tekne vare på, på ein best mogleg måte i planlegging og forvaltning, er samarbeid mellom kommunane og regional kulturmiljøforvaltning viktig.

Oversikta er ikkje ei statisk liste, og vil kunne reviderast ved behov. Med auka kunnskap om landskap i ein nasjonal samanheng ligg det også eit ynskje om auka engasjement for å sikre dei regionalt og lokalt viktige landskapa på ein berekraftig måte, og nytte desse som positive ressursar i samfunnsutviklinga.

I løpet av 2023 vil KULA-landskapa inngå i ei felles oversikt: *Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse*. Her vil også NB!-registeret (*Kulturmiljøer av nasjonal interesse i byer og tettsteder*) inngå, saman med kulturmiljø som på bakgrunn av geografisk plassering, art eller storleik ikkje har vore aktuelle for desse etablerte oversiktene.

18 landskap i tidlegare Oppland fylke er valde ut av Riksantikvaren, og vil inngå i kunnskapsgrunnlaget for KULA i Oppland. Eit forslag vart sendt på høyring i 2021. I endeleg rapport er avgrensinga endra for fem område, og det er gjort nokre endringar i teksten.

Rapporten startar med ei innleiing om landskap og kulturhistorie i Oppland. Dette gir ein bakgrunn for omtalen av dei enkelte landskapa og set dei inn i ein regional samanheng. Deretter blir kvart område presentert med kart og skildring, landskapskarakter og grunngeving for kvifor dette landskapet har nasjonal interesse. Til slutt kjem det ein omtale av kva området er sårbart for, og råd om forvaltning.

Rapporten er utarbeidd av Riksantikvaren med utgangspunkt i eit utkast som er skriva av Oppland / Innlandet fylkeskommune. Rapporten er tilgjengeleg på Riksantikvarens nettside www.ra.no. Landskapa blir også lagt inn i Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden <https://askeladden.ra.no> og i Kulturminnesøk www.kulturminnesok.no

Hanna Geiran

Hanna Geiran
riksantikvar

Del 1

Oppland – landskap og kulturhistorie

7

Oppland – landskap og kulturhistorie

Namnet Oppland kjem frå det norrøne Upplönd – ‘dei øvre landa’ ovanfor Vika. Noregs opphavsmyte er knytt til dette området, særleg Dovrefjell.

I perioden 1781–2020 var området eit eige fylke, først under namnet Christians (sidan Kristians) Amt, så Oppland fylke. Namnet Oppland blir framleis brukt om det geografiske området. Det omfattar store og svært ulike landskapsregionar, frå høg fjell og tronge dalbotnar i nord til relativt flate jordbruksbygder og store innsjøar i sør, og vidare til store skogar og flate vidder mot vest. Dei viktigaste historiske næringane har vore baserte på jakt, fangst, jordbruk og skogbruk.

Sju nasjonalparkar – Jotunheimen, Rondane, Dovre, Dovrefjell–Sunnalsfjella, Langsua, Breheimen og Reinheimen – ligg i Oppland, og over halvparten av arealet er over 900 meter over havet.

Landskapet i *Gudbrandsdalen* er prega av samanhengande dalar, dels forma som tronge, opprivne gjel, og dels som meir opne landskapsrom lengst i sør. Gudbrandsdalslågen er eit sentralt landskapselement. I Nord-Gudbrandsdalen møter det opne snaufjellet den frodige dalen med varierte jordbruksområde og tradisjonsrik gardsbusetnad. Jotunheimen, med sine harde prekambriske djup-bergartar, har dei høgaste fjelltoppane i landet.

I sørvest, frå Begnadalen og opp mot fjellområda i Jotunheimen, ligg dalføret *Valdres* med Begna-vassdraget. Landskapet er meir avrunda og landskapsromma meir opne enn i Gudbrandsdalen.

Skogbruksbygder, jordbruksbygder og fjellbygder pregar landskapet.

Lengst i sør ligg flatbygdene *Toten*, *Land* og *Hadeland* ved dei store innsjøane *Mjøsa* og *Randsfjorden*. Innsjøane har vore viktige transportårar for ferdsl og tømmer. Rundt dei finn vi fleire tettstader og store, samanhengande jordbruksareal og skogkledde åsar. Den kalkrike kambrosiluriske berggrunnen bidreg til god jordbruksjord. Her finn vi òg ei rik industrihistorie knytt til mellom anna treforedling, glasverk og jordbruksbasert industri.

UTMARKSRESSURSANE

Jakt og fangst har alltid vore viktig for menneska i dette området, noko vi kan sjå av omfattande spor frå 10 000 år. Spora spenner frå steinalderbuplassar, fangstanlegg og jaktreiseplassar til dagens jakttårn. Dei fortel om ein aktivitet som framleis er viktig i nasjonal samanheng, frå jakt som i hovudsak handla om overleving, til ei meir marknads- og handelsorientert storjakt med fangstanlegg, og til dagens meir fritids- og forvaltningsretta jakt. Funn i fjellområda viser at det òg har vore samar i området gjennom tidene.

Fiske har ei like lang historie som jakt og fangst, og har vore viktig både som matauk og i periodar som næringsveg. Funn viser at fisk alt i forhistorisk tid kan ha vorte sett ut i fjellvatn som var fisketomme etter siste istid. Naust, fiskebuer, fiskereiseplassar, munnleg tradisjon om gode fiskeplassar og skriftlege kjelder



Ved fiskevatnet Tesse i Lom er det funne spor etter fiske tilbake til jernalder. Foto: Espen Finstad, Innlandet fylkeskommune

knytte til fiskerettar gir innblikk i ei lang historie om fiske både i vassdrag og i fjellvatn. Lågåsildfisket i Mjøsa og nedre del av Gudbrandsdalslågen gav til tider høge inntekter, og for enkelte gardar var det meir innbringande enn jordbruket.

I Oppland har folk utvunne jern frå myrmalm i eit omfang langt ut over lokale behov. Dei eldste spora er frå omkring 400 f.Kr. Mot slutten av jernalderen og tidleg mellomalder var produksjonen så stor at det må ha føregått eksport ut av regionen. Hovudtyngda av kjende jernvinnearlegg finn vi i Gjøvik, Gausdal, Skåbu, Land og store delar av Valdres, ofte i tilknytning til stølsområda. Fram til 1300-talet var Valdres eit av hovudområda for framstilling av jern i Noreg.

Oppland har òg store skogsområde med kulturminne knytte til skogbruk. Her finst alt frå dei uslaste skogshusvære til sagbruk og treforedlingsbedrifter. Utover 1700-talet var den kystnære skogen i stor grad uthogd, og skogsområda i innlandet vart viktigare. Transportutfordringar gjorde at ein måtte gjere til dels store investeringar i fløytingsanlegg og lenser. Spora etter denne verksemda fortel ei brei historie om arbeid og opphald i skogen, eit arbeid som gav viktige tilleggsinntekter til mange husmenn og småbrukarar og ein kraftig økonomisk framgang for skogeigarane.

Utnytting av utmarksressursar har vore avgjerande for dei fleste gardar. Skogbruk og fiske har vore viktige tilleggsnæringar, og fôrressursar frå utmarka har vore ein viktig føresetnad for å kunne halde husdyr i områda våre. Då folketalet voks kraftig på 1700–1800-talet, var det stort behov for fôr til husdyra, og det finst spor etter hausting av både gras, lauv, ris og mose. Mange stader står buer og stakkstøer eller restar etter slike bygg som bevarte spor etter denne haustingskulturen, i tillegg til at ein kan sjå spor i form av endra vegetasjon. Med innføringa av kunstgjødsel forsvann mykje av behovet for tilleggsfôr, og hausting i utmarka minka utover 1900-talet. Dei fleste stader var det nesten slutt på utmarksslått og hausting av mose, ris og lauv etter 1950.

BUSETJING OG BYGGJESKIKK I JORDBRUKET

Frå siste del av yngre steinalder (rundt 2000 f.Kr.) kjenner vi nokre få, svake spor etter dei første forsøka på å drive jordbruk i området. I den tidlegaste fasen dreiv dei truleg med husdyrhald kombinert med jakt og fiske, før dei etter kvart òg tok i bruk areal til korndyrking.

Pollenprøver, fossile dyrkingslag, rydningsrøyser, åkerterrassar, åkerflater og steinstrengar er viktige kjelder til kunnskapen vår om jordbrukshistoria. Dei mange røysfelta er spor etter ei dyrkingsform som

truleg prega jordbruket heilt frå jernalderen til midten av 1700-talet. Då førte nye reiskapar og ny kunnskap til ei gradvis rydding av større og meir opne åkerflater.

Dei mest synlege spora i landskapet frå jernalderen er gravminna, som også er ei viktig kjelde til kunnskap om korleis folk levde. Det største gravfeltet i Oppland er Gardbergfeltet med Einangsteinen i Vestre Slidre. Steinen har ei av dei eldste runeinnskriftene i landet, truleg frå omkring 200 e.Kr. Dei største gravhaugane finn vi på Hundorp i Sør-Fron, ein gard som i sagalitteraturen òg blir knytt til kristninga av området.

Med kristendommen kom mellomalderens kyrkjebygg, som framleis pregar landskapet. Dei ni stavkyrkjene som finst i Oppland i dag, er alle bygde på 1100- og 1200-talet, medan ti steinkyrkjer er frå 1100–1300-talet.

Svært mange av dagens gardar går tilbake til mellomalderen, då jordbruk var viktigaste næring, og lafteteknikken vart teken i bruk som den viktigaste byggemetoden. Gardstuna hadde mange hus med ulike funksjonar. Så lenge åren eller røykomnen var varmekjelda i huset, var dei fleste hus einetasjes, med unntak av loftet, som ofte var stashuset i tunet. 13 trebygningar frå mellomalderen er bevarte i Oppland.

I Gudbrandsdalen og Valdres er det svært mange godt bevarte tømmerbygningar frå 1700- og 1800-talet – bygningstypar som fekk nasjonal verdi gjennom fredingane tidleg på 1900-talet. Flatbygdene har i større grad vore prega av panelarkitektur, med unntak av rappa bygningar på enkelte storgardar på Toten. Eit felles trekk er at gardane ofte har mange bygningar, og at brannfarlege bygningar som eldhus, smie og badstue vart plasserte eit stykke bort frå tunet.

Dei eldste bevarte gardstuna finn vi der føresetnadene var best. Då befolkninga auka mot slutten av 1700-talet, vart husmannsplassar etablerte i marginale område, på skuggesida av dalen eller høgt oppe i lia.

Firkanttunet er den vanlegaste tunforma i Oppland. I bratt terreng vart bygningane plasserte på rekkje. Det finst òg døme på gardar med bygningar som er samla i klyngjetun. Grovt sett er Gudbrandsdalen prega av slutta totunsløysingar med inntun og uttun. Valdres er karakterisert av uregelmessige firkanttun med våningshuset øvst og uthusa lenger nede i bakken. På Hadeland og Toten var det dei austlandske opne firkanttuna og totuna som dominerte.

Fram til omkring 1850 var byggjeskikken styrt av faste normer og tradisjonar med lokale variasjonar. Med samfunnsendringar knytte til industrialisering,



På Fokstugu vart det tidleg etablert skystasjon og overnatting for reisande over Dovrefjell. Dagens pilegrimar finn framleis enkel overnatting her. Foto: Ragnhild Hoel, Riksantikvaren

større mobilitet og utdanning – ofte kalla det store hamskiftet – vart den gamle stabiliteten i bondesamfunnet broten, også innanfor byggjeskikken. Den kombinerte driftsbygninga førte til færre hus på gardstuna. Våningshus vart prega av nye stilartar, eksempelvis i Randsfjord-området mot slutten av 1800-talet, då den økonomiske veksten knytt til skog- og treindustri førte til stor byggjeaktivitet.

Den aukande flyttinga til byane og utvandringa til Amerika førte til mangel på arbeidskraft på landsbygda. I første halvdel av 1900-talet vart det, som ein busetjingsstrategi, gitt støtte til bureisarar for å rydde nytt land. I Oppland vart det etablert 1364 nye bruk i bureisingstida. Store bureisingsgreider i Oppland finst mellom anna i Murudalen, Snertingdal og Torpa.

I dag er det hovudsakleg dei freda gardstuna som har bevart den gamle tunstrukturen. Uthus som ikkje lenger er i bruk, blir ofte rivne, og nye krav til driftsbygningane med tanke på dyrevelferd og moderne drift tvingar fram behov for store endringar eller nye bygg. I utkanten av dagens driftsareal, og i meir marginale område, finn vi framleis spor etter eldre driftsformer, små åkerlappar med rydningsrøyser, steingardar og artsrike kulturmarker. Men utbygging og nydyrking, eller nedlegging og attgroing, medfører at mykje av dette gradvis går tapt. Busetjingsmønsteret er òg endra, med aukande fortetting rundt tettstadene, kombinert med ei massiv utbygging av fritidsbusetnad i skog- og fjellområde. Denne utviklinga har store konsekvensar for korleis landskapet ser ut og blir brukt.

Dette ser vi tydeleg i seterområda, der mange av dei gamle seterhusa no verkar som fritidsbustader. Driftsbygningar og beiteområde går ut av bruk, bygningar blir rivne eller forfell, og seterlandskapet gror igjen. Unntaka er dei områda som framleis har aktiv setring og beiting, der eigarar og kommune forvaltar området på ein måte som sikrar at bygningar og landskap blir tekne vare på, slik som på Stølsvidda, i Grimsdalen og i Sjødalen.

TURISME OG REISELIV

Nordmenns bruk av og forhold til fjellet har endra seg dei siste 150 åra. Før var fjellet ein arena for utmarksnæringar knytte til jakt, fangst og setring, men gradvis har det endra seg til å bli eit eldorado for turisme og rekreasjon. Vitskapsfolk, kunstnarar og fotturistar fekk auga opp for fjellet på midten av 1800-talet. Sjødalen, områda rundt Gjende og Bøverdalen var, som innfallsportar til Jotunheimen og Breheimen, blant dei områda der det først kom turistar. Den Norske Turistforening (DNT) vart stifta i 1868 og etablerte raskt fleire turisthytter her.

Frå midten av 1800-talet skjedde det store samfunnsendringar som påverka den gryande turismen. Reisa vart sikrare, enklare og meir tilgjengeleg gjennom nye transportmiddel som dampbåt, jernbane og etter kvart bil, og etter kvart som jernbane- og vegnettet vart utbygd og utbetra. Jernbaneutbygginga opp Gudbrandsdalen gjorde at turistvertane i Stryn og Geiranger såg potensialet for å få fleire reisande over fjellet. Gamle Strynefjellsveg stod klar i 1894, og turistane vart frakta over med hesteskyss.

Etter kvart vart turistverksemda sett meir i system, med bygging av høgfjellshotell og sanatorium i fjellområda i Oppland. Sanatoria var spreidde over heile landet, men dei største og fleste låg i Gudbrandsdalen, som var kjend for godt klima. Hovudsakleg handla dette om rekreasjon og turisme. Dei verkeleg sjuke pasientane, slik som dei tuberkuløse, måtte oppsøkje andre institusjonar.

Ferie- og dannelsesreiser var først reserverte for eliten, men den økonomiske og sosiale utviklinga på 1900-talet førte til at fotturar i fjellet vart vanleg i alle samfunnslag, og likeins skiturar om vinteren. Tidleg på 1800-talet var det nærast utenkjeleg å gå innover fjellet på ski for moro skuld. Skisporten vart sett på kartet i tiåra fram mot 1900, og det vart bygd hytter til vinterbruk. Hyttebygginga skaut fart i takt med auka velstand og med at fleire fekk ferie. Utover på 1950-60-talet byrja også vanlege folk å byggje seg hytter. Frå denne tida finn vi mange hytter av den typen vi i dag ser på som den tradisjonelle hytta med

primitiv standard. Hyttene låg med god avstand, utan bilveg, med vatn frå bekken og med utedo.

Krava til komfort på hytta har endra seg med behov for elektrisitet, bilveg, vatn og kloakk. Hyttene blir bygde stadig meir konsentrert i store felt som også omfattar leilegheitsbygg. Ønske om «luksushytter» skaut særleg fart etter OL på Lillehammer i 1994. Dei store hytteområda på Hafjell og Kvitfjell, med tilhøyrande alpinfasilitetar, er eit direkte resultat av dette. I aukande grad blir det no lagt til rette for aktivitet rundt hyttene både sommar og vinter. Hyttefelt og aktivitetsområda i nærleiken har lagt beslag på store areal og påverkar beite, vilt, planteliv og ulike former for friluftsliv.

FERDSEL

Gjennom hundreåra har vegfara danna lange linjer i landskapet. Ferdelsveggar, frå holveggar som oppstod i jernalderen, til dagens anlegg for bilismen, representerer ein viktig del av samfunnsutviklinga og den fysiske kulturarven vår.

Vegsystemet i jernalderen og mellomalderen bestod av varderekkjer og vegfar. I mellomalderen ønskte sentralmakta å sikre eit visst kommunikasjonsnett, også over fjellovergane som knytte Austlandet, Trøndelag og Vestlandet saman. Viktige ruter gjekk over Sognefjellet, Strynefjellet (Kamperhamrane), Filefjell og Dovrefjell.

På 1600-talet starta arbeidet med å utbetre hovudvegane for hest og kjerre. Ei viktig drivkraft var at postvesenet vart innført i 1647. Dei nye vegane vart kalla kongevegar og vart bygde etter det franske prinsippet. Gjennom 1700-talet vart kongevegen over Dovrefjell utbetra slik at han kunne brukast av stadig større køyretøy. Den bergenske kongevegen over Filefjell stod ferdig på slutten av 1700-talet som den første offentleg bygde køyrevegen mellom aust og vest.

Med industrialiseringa frå midten av 1800-talet kom nye krav til vegstandard. Nye materiale vart tekne i bruk, og det vart utvikla vitskapelege metodar for dimensjonering av vegane. Ei mengd skystasjonar langs hovudvegnettet vart oppretta, og vegane føydde seg mjukare inn i terrenget enn før.

Med framveksten av bilismen på 1900-talet vart vegbygginga tilrettelagd for bilen, og det kom nye typar bygningar og anlegg, som bensinstasjonar og verkstader. Dei eldste vegfara gjekk ofte heilt eller delvis oppe i dalsidene, medan bilvegane følgjer dalbotnen. I dalbotnen i Gudbrandsdalen dannar eksempelvis E6 eit massivt moderne landskapselement.



Den rake Kongevegen over Filefjell er sett i stand slik at han kan nyttast av fotturistar. Foto: Sverre Hjørnevik

I 1854 fekk Noreg den første jernbanen, som gjekk frå Kristiania til Eidsvoll. Randsfjordbanen frå 1868 var den første banen som passerte fylkesgrensa inn i Oppland, då det vart etablert stasjon på Jevnaker. I 1896 opna Dovrebanen fram til Otta i Gudbrandsdalen, og banen vart fullført over Dovrefjell i 1921. I 1902 stod Gjøvikbanen med sidelinjer til Røykenvika og Skreia ferdig, og i 1906 var Valdresbanen ferdig heilt fram til Fagernes. Jernbanen har hatt mykje å seie for næringsutvikling og tettstadutvikling i Oppland, og stasjonsbyane har ein sentral plass i kulturarven i fylket. Det har òg dei mange freda og verna bygningane knytte til sjølve jernbaneanlegget, som jernbanestasjonar, verkstadhallar og bustadene til jernbanearbeidarane.

INDUSTRI OG TETTSTADUTVIKLING

Dei eldste byane og tettstadene voks fram langs viktige ferdelsårer, på stader med viktige funksjonar som marknad, tingstad og kyrkje. Tettstader av nyare dato er ofte knytte til endringar i infrastrukturen eller framvekst av industri. Enkelte av byane og tettstadene i Oppland fekk tidleg på plass ein byplan som styrte vidare utbygging. Kvartalsstrukturen i planane pregar framleis byane. Jernbanen skapte nye arbeidsplassar og førte til store sosiale og kulturelle endringar. Stasjonsbyane voks raskt, og sveitserstilen vart den dominerande byggjestilen.

Byane og tettstadene voks i takt med industrialiseringa utover 1800-talet. Historia til tettstader som Kapp, Gjøvik, Lillehammer og Raufoss er tett knytt




Industriutviklinga har vore viktig for framveksten av Gjøvik som by. Foto: Øyvind Holmstad, Wikimedia Commons CC-BY-SA-3.0

opp til industrihistoria, med primærnæringar, vasskraft og treforedling som viktige føresetnader. Transport og foredling av tømmer har vore viktig i Oppland. Ei rekkje treforedlingsfabrikkar vart etablerte i løpet av siste halvdel av 1800-talet, mellom anna langs Hunnselva i Gjøvik og ved Randsfjorden. Dei store forskjellane mellom skogeigarar, husmenn, fabrikk-eigarar, direktørar, funksjonærar og arbeidarar i skog- og treforedlingsindustrien blir mellom anna spegla i bygningar rundt Randsfjorden. I same periode vart det òg etablert jordbruksrelatert industri, basert på mjølk og poteter, som Kapp melkefabrikker og Hjell

brenneri på Toten, Holmen brenneri og Hoff Norske Potetindustrier på Gjøvik, og fleire meieri og ysteri.

I tiåra etter andre verdskrigen vart det bygd fleire store kraftverk, for å imøtekomme etterspurnaden etter kraft på Austlandet. Den massive utbygginga av Vinstervassdraget og Åbjøra i Valdres, og Aursjøen i Lesja var viktige bidrag, med stor påverknad på landskapet. I Lesja vart til saman 19 800 mål med fjell- og seterlandskap demt ned. Dette er nokre av dei største menneskeskapte landskapsendringane vi har sett i regionen.



Del 2

Omtale av dei enkelte landskapa

1. Dovrefjell	15
2. Grimsdalen	20
3. Dalbotnen i Lesja	24
4. Strynefjellet aust	28
5. Nordherad	32
6. Bøverdalen	36
7. Tesse og Smådalen	40
8. Heidal	44
9. Gjende og Sjødalen	48
10. Dokkfløy, Espedalen og Murudalen	52
11. Frya – Harpefoss	56
12. Vinstre	60
13. Filefjell aust	64
14. Stølsvidda	68
15. Vassfaret	72
16. Randsfjorden	76
17. Balke – Lillo og Kapp	80
18. Granavollen, Tingelstadhøgda og Røykenvik	84

1. Dovrefjell

Myte- og ferdselslandskap

Dovre kommune

Areal: 448 km²

Området ligg i landskapsregionane 11) øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud, 14) fjellskogen i Sør-Noreg og 15) lågfjellet i Sør-Noreg (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området omfattar den søraustlege delen av Dovrefjell. Det strekkjer seg frå Dovrebygda nede i dalbotnen i sørvest, nordaustover til Hjerkinns og vidare opp mot grensa til Trøndelag. Store delar av fjellområdet ligg innanfor Dovre nasjonalpark og landskapsvernområda Hjerkinns/Kongsvoll/Drivdalen, Vesle Hjerkinns og Fokstugu.

SKILDNING

Området er rikt både på fysiske kulturminne og mytar knytte til norrøn tru og nasjonsbygging og historier knytte til busetjing og ferdsel. Noregs opphavsmyte er knytt til Dovrefjell gjennom myten om kong Nor. Dovrefjell og Opplanda er opphavsstaden for nordmennene, staden der urfolka frå det ytste nord slo seg ned og inngjekk ekteskap med etterkomarane av jotnar. Etterkomarane deira er det norske folket. I det norrøne verdsbiletet representerte fjellet det farlege og uregjerlege, og Dovrefjell vart staden der komande kongar og høvdingar måtte overvinne seg sjølv og prøve krefter. I saga om kong Harald Hårfagre som samla Noreg til eitt rike, vart Harald oppfostra i fjellet av jotunen Dovre, brukte kongsgarden Tofte og møtte



Kongeveggen snor seg over Hardbakken på Dovrefjell. Foto: Kjetil Rolseth, Innlandet fylkeskommune

samekvinna Snøfrid, som han gifta seg med, i Dovrebygda. Symbolsk innvier dette ekteskapet samefolket i samlinga av landet. I realiteten var nok Harald Hårfagres liv og virke i større grad knytt til kysten, men symbolsk og rituelt vel kjeldene i mellomalderen å kople kongen til Dovrefjell. Historia er mytisk, men fortel om den rolla Dovrefjell hadde alt i mellomalder som symbol på kongemakt og rikssamling.

Dovre vart nasjonsfjellet med ei historie så metta av urmytar, kongemakt og kyrkjemakt at ho danna utgangspunkt for eiden på Eidsvoll i 1814: «Enige og tro til Dovre faller.» Orda vart sidan slagord for nasjonal patriotisme, sjølvstende og samhald, noko som var særleg viktig i nasjonsbyggingsperioden på 1800-talet og ved unionsoppløysinga i 1905. I det nasjonale medvitet representerer Dovrefjell det evige, uforanderlege, trygge og grunnfesta.

Dei arkeologiske spora etter menneskeleg aktivitet på Dovrefjell er omfattande. Langs vassdraga, mellom anna ved Vålåsjøen og Avsjøen, ligg det steinalderbuplassar. Store fangstanlegg med rundt 1200 dyregraver vitnar om villreinfangst i svært stor skala. Funn av ein buplass ved Aursjøen viser samisk aktivitet på Dovrefjell i yngre jernalder, og framtidig registrering og forskning kan bidra til å nyansere bildet av Dovrefjells historie.

Ifølgje mellom anna kongesogene var ferdselsvegen over Dovrefjell ein allfarveg og ein hovudveg mellom Austlandet og Nidaros. Pilegrimstrafikken til Nidaros i mellomalderen gjorde at Dovrefjell òg vart ein del av eit nasjonalt og internasjonalt fellesskap, særleg symbolisert gjennom helgenkongen Olav. Vegsystemet i mellomalderen bestod av varderekkjer og vegfar. Frå Dovrebygda gjekk det to vegar over fjellet i mellomalderen – Gautstigen over til Gautsæter og traktene ved Vesle-Hjerkinn og vegen over Hardbakken til Fokstugu. På den sistnemnde strekninga ser vi konturne av endå eldre ferdsel, kanskje så langt tilbake som til eldre jernalder. I området mellom Hardbakken og Fokstugu vart mellomaldervegfaret bygd ut til køyreveg på 1600-talet. I byrjinga av 1700-talet sto Kongevegen over Dovrefjell ferdig som den første offentleg bygde vegen for hest og vogn over eit høg-fjellområde. Lokale bønder bygde vegen etter ordre frå generalvegmeistrar. Under ei større utbetring på slutten av 1700-talet tok ein i bruk det franske prinsipp, inspirert frå kontinentet, med betre fundamentering og grøfting, og ideal om rett linjeføring. På 1600-, 1700- og 1800-talet var det fleire store

kongeferder over Dovrefjell. Mellom Hardbakken og Fokstugu kan ein kan spore omleggingane av kongevegen fram til og med den siste fasen i 1820. Lengst nord i området, der dalføra frå Gudbrandsdalen og Østerdalen møtest på Hjerkinn, dannar terrenget eit skålforma landskapsrom. Alle generasjonar av ferdselsvegar, frå Gautstigen til kongeveg, jernbane og dagens E6 går ned hit, før dei held fram vidare nordover mot Trøndelag. Kongevegen mellom Dovre og Oppdal blir no lagd til rette som ein samanhengande historisk vandringsveg og er dessutan ein del av dagens tilrettelagde pilegrimsveg.

For dei reisande i jernalderen og mellomalderen var tilgangen på husly langs reiseruta viktig. I mellomalderen har truleg Vesle-Hjerkinn vore sentral som fjellstue. Her finst tuftene etter eit sælehus (herberge) datert til 1000–1100-talet. I mellomalderen skal det òg ha stått ei kyrkje på Hjerkinn. Ved dagens Hjerkinn fjellstue ligg ei ny kyrkje frå 1969, bygd til minne om kong Øystein Magnusson (1088–1123), som ifølgje Snorre lét oppføre fjellstue på Dovrefjell. Gamle Fokstugu hadde truleg ein brukperiode i vikingtida, men har vore mest brukt på 1500–1600-talet. Ei fjellstue vart bygd her på midten av 1600-talet. Alle fjellstue over Dovre vart brende av norske soldatar i 1718, for å hindre general Armfeldts soldatar i å trengje sørover over fjellet. Fokstugu Fjellstue ligg ved store myrområde som er eksponerte og vêrutsette. I dag finn vi likevel Noregs høgastliggjande heilårsjordbruk her. I liene i fjellet ligg setrar.

Jernbanen med Fokstuga og Hjerkinn stasjon stod ferdig i 1921, og han følgjer dalbotnen og omtrent same trasé som dagens E6. Ved Hjerkinn stasjon voks det fram eit lite samfunn knytt til jernbanen, til militæret, som etablerte seg med eit stort skytefelt på vestsida av dalen i løpet av 1920-talet, og til Tverrfjellet gruver, som var i drift frå 1968 til 1993.

I Øverbygda i Dovre finn vi ei rekkje med freda gardstun, hovudsakleg frå 1700–1800-talet, midtveges oppe i den solvende lia. Skjellstad, Tofte, Budsjord, Skeie/Vigenstad og Øvre Korsvoll ligg alle langs vegfara opp mot Dovrefjell. Den gamle kongsgarden Tofte tronar markant på ei høgde ved elva Einbugga. Nede i dalbotnen nærare elva finn vi Toftemo, som var husmannsplass under Tofte. Landskapet er dominert av ei samanhengande, ganske bratt skrånande dalside dominert av dyrka mark, men med store areal med verdifull naturbeitemark i den øvre randsona mot utmarka, og med karakteristiske



Storgarden Tofte i Dovre var krongods i mellomalderen og var ifølgje Snorre kongsgard. Foto: Jiri Havran, Riksantikvaren

bresjøavsetningar i den nedre delen av lia. Gardstuna ligg til dels på toppen av desse avsetningane, dels på rekkje som «midtligardar» lenger oppe i dalsida.

LANDSKAPSKARAKTER

Området er berre ein liten del av det store fjellmassivet som utgjer Dovrefjell. Det inneheld likevel mange av dei kulturhistoriske elementa som har gjort Dovrefjell så sentralt i historieforteljinga i landet. Storgardane med godt bevarte freda hus er markante innslag i den bratte, vestvende lia i Øverbygda. Herfrå skrånar terrenget med gamle og nyare ferdsselsveggar opp og inn i høgfjellslandskapet. Kulturminne som fangstgroper og buplassar, setrar og gruver levandegjer historia om landskapet som eit viktig område for villreinfangst og ressursutnytting, der fjellressursane var mål i seg sjølv. Fleire generasjonar med vegfar dannar linjer i landskapet som fortel om fjellet som ein farleg og krevjande fjellovergang mellom «det søndenfjeldske» og «det nordenfjeldske». Dei fysiske kulturminna i bygda og på fjellet gir landskapet ei kulturhistorisk djupn som knytter seg til førestillingane om kva Dovrefjell hadde å bety i norsk historie og nasjonalt medvit.

NASJONAL INTERESSE

Den nasjonale interessa for området knytter seg i stor grad til Dovrefjell som eit mytisk nasjonalfjell og førestillinga om Dovre som både Noregs tak og grunnvoll, symbolet på det trygge og uforanderlege. Fjellet står sentralt i urmytane om opphavet til nordmenn, i riks-samlinga i vikingtida og i tidleg mellomalder, som ferdsselsveg for pilegrimar og kongeferder og som eit viktig symbol i nasjonsbygginga i 1814 og fram til 1905. Den verdien landskapet har i ferdshistoria mellom Austlandet og Trøndelag, er òg viktig i nasjonal samanheng.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Store delar av fjellområdet ligg innanfor Dovre og Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalparkar og landskapsvernområda Vesle Hjerkin, Hjerkin, Drivdalen/Kongsvoll/Hjerkin og Fokstugu. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanane som gjeld. Rondane-Dovre nasjonalparkstyre og Dovrefjell nasjonalparkstyre har forvaltningsansvaret innanfor verneområda. Ein del av området, Øverbygda, vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. Bevarte


parsellar av kongevegen over Dovrefjell inngår i Statens vegvesens nasjonale verneplan. Kommunen har utarbeidd ein kulturminneplan med tilnærma lik avgrensing som KULA-området (vedteken 2020).

Landskapet har ein karakter som gjer det sårbart. I Øverbygda i Dovre kjem dette av at tuna ligg fritt og dominerande til i eit ope kulturlandskap. Større nye tiltak kan dermed lett opplevast som skjemmaende og forstyrrende i landskapet. Det same gjeld det opne fjellandskapet vidare nordover mot Hjerkin. Med ein auka turiststraum knytt til prosjektet *Kongevegen over Dovrefjell* vil faren for slitasje og skade på kulturminna auke.

KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegnar til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken. Slike retningslinjer kan med fordel ta utgangspunkt i retningslinjene som alt gjeld for Øverbygda, som er avsette med omsynssone c) med særleg omsyn til landskap i kommuneplanens arealdel (2012–2022).

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel.
- > Framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite i Øverbygda er avgjerande for å halde ved like kvalitetane i landskapet.
- > Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- > Nye driftsbygningar bør plasserast og utformast på ein måte som tek mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø – særleg ved freda og verneverdige gardstun som ligg godt synlege i landskapet.
- > Med ein auka turiststraum knytt til *Kongevegen over Dovrefjell* bør det jobbast tett opp mot aktørar i området for å planleggje tilretteleggingstiltak med tilhøyrande skjøtselsavtalar.
- > Tiltak som hindrar eller bryt dei lange, historiske veglinjene, bør unngåast.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.





Grimsdalen er ein aktiv seterdal der beitedyra gjer ein viktig jobb med å halde ved like kulturlandskapet. I bakgrunnen ser ein Rondane. Foto: Elisabet Haveraaen

2. Grimsdalen

Massefangst og seterbruk i fjelldal

Dovre kommune

Areal: 75,6 km²

Området ligg i landskapsregionane 14) fjellskogen i Sør-Noreg og 15) lågfjellet i Sør-Noreg (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Grimsdalen strekkjer seg frå Dovre i vest til Folldal i aust. Dalføret med elva Grimse ligg innanfor Grimsdalen landskapsvernområde og delvis innanfor Dovre nasjonalpark i nord og Rondane nasjonalpark i sør. Grimsdalsvegen går gjennom heile området.

SKILDRING

Den frodige Grimsdalen er ein lang seterdal med store biologiske og kulturhistoriske verdiar. På begge sider blir dalen ramma inn av dei høge toppane i Rondane og på Dovrefjell. Gjennom dalen renn elva Grimse austover til Folla, og topografisk sett er Grimsdalen ein sidedal til Folldalen. Men som seterdal høyrer han kulturhistorisk til Dovre i vest. Karakteristisk for dalen er at det er lite nedbør, forholdsvis varme somrar til å vere eit fjelldalføre og svært kalde vintrar med tynt snødekke.

Dalen har ei brukshistorie som går 4000 år tilbake i tid. Over 50 setrar fordelte på sju ulike setergrender har vore i drift her. Tufter på to øydesetrar er daterte til 1400–1500-talet, noko som knyter området til tidleg historisk seterdrift.

Undersøkingar av vegetasjonen viser spor etter beite frå byrjinga av 400-talet e.Kr., medan det i Haverdalen like sør for Grimsdalen er funne spor etter beite alt i yngre bronsealder (1100–500 f.Kr.) og forsøk på korndyrking så tidleg som 500 f.Kr. Ei intensivering i dyrkingsspora frå 700-talet e.Kr. kan tyde på meir fast busetjing i området.

Det er fleire gravhaugar i området, og det er gjort gjenstandsfunn frå graver. I jernalderen vart folk og gravlagde i naturlege haugar eller morenar og under flatmark utan synlege markeringar. Det kan derfor vere mange fleire gravminne frå denne perioden enn dei vi kjenner til i dag.

Dei mest omfattande arkeologiske spora i Grimsdalen er knytte til jakt og fangst på rein, og innanfor området finn vi to ulike former for fangstanlegg – rekkjer med fangstgroper, og rusefangstanlegg. Ei lengre rekkje med fangstgroper strekkjer seg i dalsida aust og vest frå Grimsdalshytta, plasserte på avsatsar og rabbar i den svake skråninga. Rekkjene følgjer det boga terrenget, og forma på anlegget tyder på at det har vore brukt til å fange rein som har kryssa Grimsdalen på veg mot vinterbeite. Fangstgropene var i bruk alt i yngre bronsealder og fram til Kristi fødsel. Dette er tidlege dateringar for ein type anlegg som vanlegvis er frå yngre jernalder og tidleg mellomalder.

Lenger vest er landskapet trongare med bratte fjellsider med ur og rasmark. Her stig dalføret bratt opp mot Vegaskilet, der landskapet opnar seg med slake, lavkledd høgder og ryggar, før terrenget bikkar ned mot Gudbrandsdalen. Her ligg det store massefangstanlegget på Einsethø, eit stort rusefangstanlegg som er strategisk plassert i ein sentral passasje for reinen når han kryssar Grimsdalen. Dette rusefangstanlegget er frå yngre jernalder eller tidleg mellomalder. I tilknytning til anlegget er det ei samling tufter som har ein bruksfase frå folkevandringstida og fram til høgmellomalderen (ca. 400–1270 e.Kr.). Arkeologar har undersøkt tuftene og tolka dei som ein fangstbuplass som i alle fall i seinare bruksfasar er knytt til massefangstanlegget.

Med unntak av Verkjessætre, i den tronge dalbotnen i vest, ligg alle setrane i den austre delen av dalføret, der dalbotnen er vid med relativt store elvesletter. Her er dalsidene forholdsvis slake og stig opp mot toppar og fjellryggar på 1300–1500 meter over havet. Setrane ligg i den sørvende sidsida av dalføret, og hovudsakleg i område med næringsrike bergartar med glimmerskifer og fyllitt i nord. Bygningsmiljøa i setergrøndene er godt bevarte med mange bygningar frå 1700–1900-talet, og fleire

av dei eldste bygningane har framleis eit opphavleg preg. Fram til slutten av 1930-åra vart det praktisert ei form for vintersetring (kalla vårlego) i Grimsdalen. Eigarane reiste til fjells i mars og var her samanhengande til september. Denne spesielle forma for setring kan enno avlesast i utforminga av enkelte bygningar, mellom anna store fjøs og seterhus med to matbuer, der den eine bua har peis.

Seterområda blir i dag skjøtta gjennom systematisk beiting, både for å verne det biologiske mangfaldet og hindre eller reversere atgroing.

Grimsdalen har vore ei viktig eldre sambandslinje mellom Gudbrandsdalen og Østerdalen, og det finst spor etter både kløvveggar og enkle køyreveggar på begge sider av dalføret. Eit stykke vest for Grimsdalshytta ligg Pundervangen, der folk kvart år samlast til marknad. Denne tradisjonen kan strekkje seg langt tilbake i historia, men det er førebels ikkje funne arkeologiske eller skriftlege kjelder som har kunna avklare kor lenge marknaden har vore i bruk.

LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet i Grimsdalen blir i dag prega av setergrøndene, som det er lett å lese. Beitebruken viser tydeleg samanhengen mellom setrane og landskapet dei utnytta. Aust i dalføret er dalbotnen vid med store elvesletter, og det er karakteristisk at setrane og rekkjene med fangstgroper er plasserte i den sørvende sidsida av dalføret. Dalføret er trongare med bratte fjellsider i vest, og her er landskapet prega av Verkjessætre i dalbotnen og, etter bratt stigning mot vest, det store massefangstanlegget på Einsethø. Både fangstgropene og rusefangstanlegga er plasserte ut frå trekkvegane til reinen, som igjen følgjer landskapsformasjonane.

NASJONAL INTERESSE

Grimsdalen er ein av Noregs lengste seterdalar og blir rekna som ein av dei viktigaste og mest særprega i Gudbrandsdalen. Setergrøndene er lite påverka av nyare hytteutbygging eller andre moderne tiltak. Aktiv beiting bidreg til å halde landskapet ope og lesbart. Bygningsmiljøa er godt bevarte, med til dels sjeldne bygningstypar knytte til vintersetring. Området har vore i bruk heilt sidan jernalderen, til beiting, jordbruk og kanskje fast busetjing. Spora etter to ulike former for massefangstanlegg vitnar om kor viktig området er for villreinfangst i jernalder og mellomalder. Arkeologiske undersøkingar gjer at vi har spesielt god kunnskap om desse anlegga. Dei er lett tilgjengelege for publikum, er lett lesbare, og enkelte er tilrettelagde med informasjon. Området er godt eigna både til å formidle den forhistoriske fangsthistoria og den historiske seterbruken, og skil seg på den måten ut frå liknande fangst- og seterlandskap.



I dei slake, solvende sidene vest i dalen ligg Mesætrene. Her sett frå Tollevshaugen. Foto: Elisabet Haveraaen

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Store delar av området ligg innanfor Grimsdalen landskapsvernområde, Dovre nasjonalpark og Rondane nasjonalpark. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanane som gjeld. Rondane–Dovre nasjonalparkstyret har forvaltningsansvaret innanfor verneområda. Området vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. KULA-området har same avgrensing. Området ligg innanfor sone 1 i regional plan for Rondane–Sølnkletten (2013), som regulerer aktivitet i villreinområdet. Det blir drive organisert beiting med gjetarar i regi av organisasjonen «Grimsdalen» for å halde oppe beitebruken i landskapet.


Fleire av fangstgropene er sårbare fordi dei ligg nær område med mykje ferdsel og aktivitet. Ein gjennomgang av tilstanden til bygningane i 2009–10 samanlikna med 1978–82 viser at det har vore eit årleg tap av bygningar på 0,4 prosent. For bygningar innanfor eit verneområde der kulturminne knytt til seterdrift er ein del av verneformålet, er dette eit høgt tal. Tapstala er særleg høge for fjøs og løer, som det finst forholdsvis få av samanlikna med talet på seterstuer/sel. Området er sårbart for attgroing.

Området er avsett med omsynssone c) med særleg omsyn til landskap i gjeldande kommuneplan (2012–2022), med retningslinjer som tek vare på dei

kulturhistoriske verdiane. Det er viktig at omsynssona med retningslinjer, og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel, blir haldne uendra for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel og regional plan for Rondane–Sølnkletten.
- > Fangstgropar som ligg nær ferdsel og aktivitet, bør ha spesielt tilsyn, gjerne i samarbeid med SNO.
- > I forvaltninga av seterbusetnaden er det viktig å ha spesielt søkjelys på bevaring og istandsetjing av dei fjøsa og løene som framleis finst.
- > Det bør stimulerast til framleis husdyrhald og skjøtsel på setervollane, for å hindre attgroing og sikre at området beheld karakteren som seterlandskap.
- > Organisert beitebruk med gjetarar bør vidareførast.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.



3. Dalbotnen i Lesja

Storskala landskapsendring og nydyrking

Lesja kommune

Areal: 12,7 km²

Området ligg i landskapsregion 11) øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området strekkjer seg 16 km på kvar side av Lågen frå Bottem (ei lita mil vest for Dombås) og vestover til innløpet av Lora. Her var det tidlegare to grunne vatn, Siemsvatnet vest for Lesja kyrkje, og Lesjavatn frå

Hattrem til Bottem i aust. Det tidlegare Siemsvatnet svarer til det som i dag blir kalla Lesjaleira. Avgrensinga omfattar areala som tidlegare stod under vatn.

SKILDRING

Fjellbygda Lesja ligg på 500–650 meter over havet, og den terrasserte dalbotnen vart danna av bredemde innsjøar på slutten av siste istid. Aust og vest for dagens Lesja sentrum låg opphavleg dei to nesten samanhengande vatna Siemsvatnet og Lesjavatnet. Vatna var grunne og svært gode fiskevatn. Eit



Lesjaleira før vatnet vart tappa ut, sett mot Siemsvatnet i vest. Akvarell: Gerd Mølmen

grunneigarmøte i 1855 vedtok å prøve å tappe ut dei to vatna for å kunne bruke innsjøbotnen som jordbruksland. Behovet for større jordbruksareal var stort, etter sterk folkevekst i bygda i første halvdel av 1800-talet. Planen var at viss ein gjorde Bottemsstraumen i aust djupare, så ville dei to innsjøane gradvis tappast ut av seg sjølv.

Arbeidet med å tappe vatna gjekk føre seg i 1857–65. Demning, dammar og veiter skulle sørge for at vatnet tok rett veg under tappinga, men arbeidet vart meir komplisert og kostbart enn venta. I 1863 var Lesjavatnet senka med 11,8 fot, og ein kunne byrje å ta i bruk nytt jordbruksland i aust, men i vest var det framleis mykje vatn. Misnøya var stor – knytt til ufullstendig drenering, tapt fiske, årleg flaum og sandflukt frå dei nye jordbruksareala. Ei stund vart det diskutert om det kunne vore mogleg å demme vatna opp igjen. Frå 1870-åra tok naturen sjølv seg av mykje av det vidare

arbeidet med nedtapping, og Siemsvatnet var til slutt redusert til ein firedel av opphavleg storleik.

Områda som vart drenerte fram frå Siemsvatnet, vart kalla Lesjaleira. Jordbrukslandet hadde utover 1900-talet framleis utfordringar med flaum, og enkelte område var sumpmark. Først etter at det vart bygd eit betydeleg flaumverk 1976–84, vart areala fullt brukbare som jordbruksland. Tiltaket kom i stand etter at eit utval med representantar frå stat, fylke, kommune og grunneigarar la fram eit forslag om flaumsikring, kanalisering og oppdyrking for 66 eigedommar. Etter 1976 er det nydyrka omkring 7000 dekar fulldyrka jord på Lesjaleira, noko som utgjør 20 prosent av det totale dyrka arealet i Lesja. Dette utgjør ei betydeleg styrking av driftsgrunnlaget for gardane her, gjennom grasproduksjon og kulturbeite.

Flaumverket som kontrollerer vatnet, er 11,5 km langt og følgjer Lågen og Lora. Det er høgt nok til å ta



Lesjaleira etter at flaumverket vart bygd, sett mot vest der Siemsvatnet låg. Foto: Per Jordhøy

flaumtoppane og er delvis bygd som kombinert forbygging og veg. Kanalar er laga langs heile den sørlege dalsida for å samle opp tilsiget frå skoglia i sør. Flaumverket på Lesjaleira er det største enkeltanlegget som er gjennomført med støtte frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Anlegget er eit av NVEs utvalde kulturminne og representerer ein viktig del av vassdragshistoria. I samtida vart arbeidet sett på som svært framtidretta, men ifølgje NVE ville det aldri ha vorte gjennomført i dag.

Det er ofte sterk vind i det opne landskapet i dalen. Det har derfor vore tradisjon for å setje opp tverrgående skigardar og leplantingar, som både har verna snødekket som gav fukt utover våren, gitt le til avlinga og hindra vinderosjon om våren. Leplantingar vart vidareførte i samband med nydyrkinga. Dei fortel både om den praktiske forvaltninga av jordbruksjorda og om eigedomsforholda i dei nye områda som kom fram under vatna.

Delar av området er framleis våtmark, og det finst òg enkelte lommer med flygesand og skog. Det varierte landskapet bidreg til eit mangfaldig og rikt dyreliv.

Formålet med dreneringa og flaumsikringa var tilvekst av jordbruksjord. Den nydyrka jorda utgjer det viktigaste aspektet ved dette kulturhistoriske landskapet, sett i samanheng med gardane som i si tid fekk nytt areal.

LANDSKAPSKARAKTER

I dag dekkjer ein mosaikk av rektangulære jordbruksparsellar det som tidlegare var botnen av to store vatn i den breie dalbotnen i fjellbygda Lesja. Parsellane er avgrensa av særprega lebelte med vegetasjon på tvers av dalen. Lågen er eit sentralt landskapselement gjennom området. Flaumverket langs Lågen og kanalane pregar dessutan landskapet, som i høgaste grad er skapt av menneske, og som framleis blir forma og regulert av deira behov.

NASJONAL INTERESSE

Omforminga av landskapet i dalbotnen i Lesja er relativt unik i Noreg – først gjennom omfattande nedtapping på 1860-talet, sidan gjennom flaumsikring meir enn 100 år seinare. Det første initiativet fortel om det store behovet for dyrkingsareal etter den store folkeveksten på 1800-talet, og dessutan framtidstru knytt til teknologisk utvikling på den tida. Flaumverket som kom i 1982, fullførte ambisjonane om godt jordbruksland og føreseieleg drift. Dette store løftet i samarbeid mellom styresmakter og grunneigarar speglar optimismen som prega norsk landbruksnæring i desse åra. Flaumverket inngår i NVEs utval av verneverdige anlegg med høg kulturminneverdi og representerer viktig vassdragshistorie.


SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Det heilskaplege landskapet er sårbart for store, nye tiltak som truar jordbruksdrifta. For Lesja som lokalsamfunn er Lesjaleira eit svært viktig ressursgrunnlag, og det er avgjerande at jordbrukslandskapet blir sikra framleis drift. Utan jordbruksdrift av arealet kan ein heller ikkje lese historia i dalen. Den mosaikkliknande landskapsstrukturen blir svekt viss lebelte blir fjerna.

KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Dyrka mark, leplantingar, flaumverk og andre sikringstiltak bør haldast i drift, skjøttast og utviklast etter tid og forhold.
- > Vidareføring av jordbruksformålet og framleis jordbruksdrift er viktig for å halde ved like karakteren i landskapet.
- > Nedbygging av jordbruksareal bør unngåast.
- > Det er viktig at ein ikkje opnar for å fjerne leplantingar for å skape store samanhengande teigar, men i all hovudsak beheld den gamle inndelinga.





Ei av dei tidlegaste rutene vi kjenner over Strynefjellet, går langs Rauddalsvatnet og vidare over fjellet mot Vestlandet.

Foto: Louise Brunborg Næss

4. Strynefjellet aust

Fjellovergang mellom Aust- og Vestlandet

Skjåk kommune

Areal: 260,2 km²

Området ligg i landskapsregionane 16) høgfjellet i Sør-Noreg, og 17) breane og 23) indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området ligg på Strynefjellet, nord i Breheimen, i grenseområda mellom Skjåk kommune i Innlandet i aust og Stryn kommune i Vestland i vest. Avgrensinga femnar tre generasjonar veg: vegfarene over Kamperhamrane og Rauddalsvatnet, Gamle Strynefjellsvegen og den nye Strynefjellsvegen. Området ligg innanfor Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernområde. Området går over i eit anna KULA-område vest for fylkesgrensa. Dei to områda femnar heilskapen i landskapet på Strynefjellet.

SKILDRING

Strynefjellet er eit høgfjellsområde med høge toppar og tindar opp mot 2000 meter over havet, som skil

Vestlandet og Austlandet. Vegfar frå ulike periodar viser korleis ein først har valt enklaste og tryggaste veg til fots og med hest, deretter den traseen som gjorde det mogleg å kome seg fram med hestekarjol og sidan bil. Til slutt ser ein korleis moderne tunnelteknologi gjorde det mogleg å velje ein trasé som i utgangspunktet var uframkomeleg.

Frå 1500-talet og fram til slutten av 1800-talet vart ruta frå Sunndalen inst i Oppstryn og opp Kamperhamrane brukt som drifteveg. Driftekarar frå Nordfjord reiste til austlandsbygdene med storfe og småfe, eller med hest til fjordingsmarknadene i Gudbrandsdalen. Gudbrandsdølane drog motsett veg for å selje mellom anna tjøre og bek. Det kan ha vore denne ruta ein flokk baglarar følgde over fjellet til Olden i Stryn i ei ferd som blir skildra i kong Sverres saga frå 1100-talet. Vegane over fjellet blir òg skildra i dokument frå 1400-talet, med instruksjonar om kva gardar som hadde ansvar for vedlikehald av vegane, og for nedfrakting av dei som døydde på ferda over.

Vestfrå kryssar ein grensa til Innlandet i Merradalsbotn, ved vasskilet mellom Aust- og Vestlandet. Ein brearm av Sikilbreen låg på 1700- og 1800-talet i botnen her, og vegfarene er derfor ikkje så tydeleg. Vidare austover passerer ein Ytste og Nedre Leirvatnet før ein kjem ned til den sjølvbetente DNT-hytta Skridulaupbu i vestenden av Rauddalsvatnet. Fleire stader i Rauddalen er det spor etter tidlegare tiders sauegjeting, jakt og fiske. Frå Raudberget i austenden av vatnet ser ein mot Sjømannssletta og Framruste, ein viktig møteplass for dei som kom vestfrå, og fjellfolket frå Skjåk. I 2015 vart ferdsselsvegen over Kamperhamrane del av Riksantikvaren og DNT sitt felles prosjekt «Historiske vandruter». Ein annan viktig kløvveg går langs Heillstuguvatnet, til Glittervatnet og vidare mot Bråtågrenda.

Då turistnæringa vart etablert i fjordbygdene på slutten av 1800-talet, kom dei første tankane om ein køyreveg over Strynefjellet. Jernbanen vart stadig forlengd oppover Gudbrandsdalen, og turistvertane i Stryn og Geiranger såg potensialet for attraktive turistruter med mellom anna karjolskyss over fjellet. Lokale krefter og svenske rallarar sette i gang det tunge arbeidet i 1881. Gamle Strynefjellsvegen går frå Hjelle i Oppstryn, i mange svingar mellom Skora og Videsæter, gjennom Videdalen, langs Langvatnet og ned til Grotli. Veggen stod i ferdig i 1894. Dei første åra var ferdsselen organisert med skystasjonar og hestestyss. På austsida vart det etablert ein skystasjon på Grotli, som etter kvart vart bygd om til turisthotell.

Til Grotli kom også vegen frå Geiranger mot Skjåk, som vart opna i 1889. Eit parti av Gamle Geirangerveg er godt bevart på nordsida av rv. 15 mellom Langvatn og Grotli, med m.a. tørrmurte vegmurar og brukar. Gamle Strynefjellsveg og Gamle Geirangerveg vart kalla «Lomsvegane» og vegdirektør Hans Hagerup Krag var sentral i etablering av begge.

Gamle Strynefjellsveg er i stor grad slik han var på slutten av 1800-talet, med grusdekke, handlaga murar og stabbesteinar. Langs vegen kan ein sjå spor etter eldre kløvstiar, og dessutan steinheller som reisande brukte til overnatting. I dag har vegen stor turisttrafikk, og han blir òg brukt som transportveg til hytter og til friluftsliv knytt til jakt, turgåing, sykling og aktivitetar ved Stryn Sommerskisenter. Gamle Strynefjellsveg er ein av 18 vegstrekningar under Statens vegvesen si satsing på Nasjonale turistveggar og er berre open for ferdsel på sommaren.

Den nye Strynefjellsvegen/rv. 15 stod ferdig i 1978. Før dette var den gamle og vinterstengde vegen det einaste ferjefrie sambandet mellom Austlandet og Nordfjord. Fram til snøfresaren kom i 1950, måtte vegen opnast for sommaren med handmakt og spade, og arbeidslag på opptil 100 mann jobba frå kvar side til dei møttest på fjellet, ofte ikkje før i midten av juni. Veggen var då gjerne open i omtrent fire månader. Både poststellet og Forsvaret hadde reist krav om heilårsveg heilt sidan Strynefjellsvegen stod ferdig, og planane for ein trasé gjennom Grasdalen og Breiddalen til Grotli var klare alt i 1949. Ein alternativ trasé gjekk



1800-talsvegen over Strynefjellet er nyleg restaurert slik at dei fine, handlaga murane og stabbesteinane langs kanten har kome til sin rett att. Her med Heillstuguvatnet i bakgrunnen. Foto: Andreas Nilsson



Den smale, gamle Strynefjellsvegen følger terrengformasjonane over fjellet. Foto: Anne Engesveen, Innlandet fylkeskommune

gjennom Rauddalen. Etter mange år med arbeid for å få på plass finansieringa starta vegarbeidet i 1969, langs den såkalla «Grasdalslina», med tre tunnelar.

LANDSKAPSKARAKTER

Strynefjellet er eit høgfjellsområde. Tronge dalar med bratte lier skjer seg gjennom landskapet og danner naturlege passasjar for ferdsel. Val av trasé for ferdsel heng tett saman med topografi, og terrenget har styrt ferdselen til ulike tider, med basis i vegbyggings-teknikk og tilgjengelege transportmiddel. Landskapet viser tre generasjonar veg som er bygde under ulike føresetnader.

NASJONAL INTERESSE

Dei tre vegtraséane representerer viktig norsk samferdselshistorie og er sentrale døme på korleis ein til ulike tider sikra ei best mogleg kryssing av fjellet mellom Austlandet og Vestlandet. Dei to Strynefjellsvegane viser to generasjonar høgfjells-vegar med store forskjellar i vegbyggingsteknikk, linjeføring og standard. Gamle Strynefjellsveg er ein av dei eldste turistvegane og ein av få strekningar i landet som kjem til å ha varig grusdekke. Tørrmurar frå 1800-talet, hårnålssvingar, eittfelts breidde og sikring med stabbesteinar er godt bevarte. Den nye Strynefjellsvegen/rv. 15. viser ny planlegging og nye byggjemåtar som vart tekne i bruk på 1970-talet for å sikre open vinterveg.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Gamle Strynefjellsveg og rv. 15 (Strynefjellet vegmiljø) inngår i den nasjonale verneplanen til Statens veg-

vesen og vart freda etter kulturminnelova i 2009. Fredinga omfattar både sjølve vegen og vegutstyr som fylkesstein, kilometerstolpar og stabbesteinar. Størstedelen av området ligg innanfor Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernområde. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanane som gjeld. Breheimen nasjonalparkstyre har forvaltningsansvaret innanfor verneområda.


Gamle Strynefjellsveg vart bygd for hest og kjerre og er smal, svingete og har få møteplassar. Han er sårbar for omfattande og tung motorisert ferdsel knytt til turisme, hytter og friluftsliv. Vegen vart restaurert på Opplands-sida i 2018–2020. Frå juni 2019 vart vegen stengd for store og tunge køyretøy på bakgrunn av belastninga.

Det kjem stadig ønske og krav om oppgraderingar, endringar og tilføyningar til den nye Strynefjellsvegen/rv. 15. Dette medfører inngrep i både vegen og landskapet omkring.

Sjølv om kulturhistoriske verdiar er varetekte av eit godt vern, kan KULA-området med fordel gjerast tydeleg i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Retningslinjer kan bidra til å ta vare på heilskapen i ferdselslandskapet.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Det er viktig å ta vare på heilskapen i ferdselslandskapet og dei vegrelaterte kulturminna (smier, brakker, stein og grustak osv.). Føringar for dette bør vere med i ein framtidig forvaltningsplan.
- > Framtidig forvaltningsplan for begge vegar bør følgjast opp med retningslinjer og føresegnar i arealplanar.



5. Nordherad

Tradisjonsrikt jordbrukslandskap

Vågå kommune

Areal: 21 km²

Området ligg i landskapsregion 11) øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Nordherad ligg rett vest for Vågåmo, i den sørvende lia på nordsida av Vågåvatnet, i eit stort landskapsrom der Bukkehaugen og Kvarbergåsen avgrensar rommet mot nord og aust. Mot sør og vest blir området avgrensa av Vågåvatnet og av kommunegrensa mot Lom.

SKILDRING

Nordherad er eit aktivt jordbruksområde der hovudtyngda av gardsbusetnaden ligg i to «etasjar» – nær Vågåvatnet på 362 meter over havet og på nedsida av utmarka på omkring 700 meter over havet. Mellom dei to nivåa er det bratte lier med beitemark og skog. Tilnærma alt jordbruksareal er i drift. Dei to setergrendene Nørdre og Søre Nistingen ligg på omkring 900 meter over havet.

Landskapet i den austre delen av området er prega av tørre einerbakkar som blir nytta som beite, i mosaikk med mindre skogsområde og flatare område med dyrka mark. Geologi og klima har gjort området



Jordbruksområdet i den austre delen av Nordherad. Frå høgre ser vi Uppigard Visdal, Mo, Mork og Dalestugu. Foto: Arve Danielsen / Fjuken



Nigard Kvarberg og Uppigard Kvarberg er blant dei mange frede gardsanlegga i Nordherad. Her er til saman om lag 20 frede bygg frå 1700- og 1800-talet. Gardane ligg samla i eit klyngetun. Foto: Håkon Noren / kvarberg.no

attraktivt som beite, medan lite areal eignar seg til fulldyrking. Det ekstremt nedbørfattige klimaet og den næringsrike, kalkhaldige berggrunnen gir grunnlag for ein artsrik «steppevegetasjon». Særleg dei sjeldne lavartane og tørrbakkane er unike og saknar sidestykke i Europa. Kalkfurusogor og kulturmark vart verna i naturreservata Sandehorten og Vistehorten i 1993.

Funn frå steinalderen og bergkunst i form av skålgropfelt frå bronsealderen eller eldre jernalder vitnar om tidleg aktivitet i området. Gardsnamn, tufter og gravhaugar i området tyder på nydyrking og auka busetjing i jernalderen. Særleg interessant er eit felt med gravminne, rydningsrøyser og tufter ved garden Visdal. Det er kjent ei rekkje gjenstandsfunn frå jernalderen og mellomalderen. I tillegg finn ein spor etter jernutvinning i området, og andre kulturminne frå ulike periodar, som kleber- og skiferbrot, fangstanlegg, spor etter bergverksdrift, ferdsselsvegar og ei fangstgrop for ulv. Lokal kleber har vorte utnytta til mellom anna omnar, peisar og gravminne. Dei mange vassveitene i området fortel historia om

vilkåra for jordbruksdrift i eit svært tørkeutsett område, medan steinmurar og rydningsrøyser viser busetjing og drift i bratt og steinrikt terreng.

Ein vesentleg del av kulturminneverdiane i Nordherad knytter seg til det store volumet med verneverdige gardsbygningar i lafta tømmer. Grenda har ei rekkje flotte bygningsmiljø i form av gardsanlegg, seteranlegg og rydningsplassar med hus frå 1700- og 1800-talet. Karakteristisk for området er at bygningane dannar tydelege og tette tun i landskapet, og at det i tillegg til bustadhus framleis er bevart mange mindre uthus med ulike funksjonar. Dei klimatiske forholda har bidrege til gode bevaringsforhold for gardsbusetnaden. Området har Noregs tettaste samling av frede landbruksbygningar, med 38 hus fordelt på seks gardstun. Frå fleire av dei store gardane vart det frådelt til saman tolv bureisingsbruk i første halvdel av 1900-talet.

Heile vestre del av området er bygde- og statsallmenning. Her er spreidde, små areal rydda til små, sjølveigde gardsbruk, medan området samla sett i hovudsak er bratt, blokkrikt og delvis dekt av

rasmassar og steinur. Rydningsplassane her illustrerer dei store sosiale forskjellane som prega grenda på 1800-talet.

Frå omtrent 2000 har det grunneigarstyrte Nordheradsprosjektet arbeidd aktivt for å ta vare på og utvikle natur- og kulturverdiar og grendemiljø. Området er tilrettelagt for rekreasjon og friluftsliv gjennom rydding, merking og skilting av stiar og gamle vegar. Det er òg etablert overnattingstilbod. Lokale formidlarar har god kunnskap om tradisjonell bruk, natur- og kulturverdiar.

LANDSKAPSKARAKTER

Det sørvende landskapet på nordsida av Vågåvatnet er prega av store, gamle gardstun i to nivå i den austlege delen, med skog og beitemark i bratt terreng mellom. Klima og geologi gjer området tørkeutsett og har skapt ein sjeldsynt og tørketilpassa vegetasjon. Gardstuna med svært mange eldre bygningar i lafta tømmer er viktige landskapselement i mosaikken av beite, skog og dyrka mark. I den vestlege delen er det små bruk, rydda på spreidde areal i eit bratt område prega av mykje steinur. Vassveitene gjer det mogleg å lese historia om jordbruksdrift i eit tørkeutsett område, og saman med gamle vegfar dannar dei linjeelement i landskapet. Landskapsbiletet samla sett og dei mange delområda gir sterke visuelle opplevingar, og det er godt synleg frå rv. 15 på den andre sida av Vågåvatnet.

NASJONAL INTERESSE

Nordherad har Noregs tettaste samling av freda landbruksbygningar og ei lang rekkje verneverdige bygningar. Naturkvalitetane, som er delvis kulturavhengige, er av internasjonal verdi. Området dannar eit stort og heilskapleg jordbrukslandskap, lite påverka av moderne inngrep i nyare tid.

Eit mangfald av element og struktur viser samanhengen mellom landskapet og tradisjonell busetjing og bruk, med gardstun, innmark og utmark, setermiljø og ei rekkje andre kulturminnetypar. Dei sosiale forskjellane i bygdesamfunnet på 1800-talet blir illustrerte med storgardar og rydningsplassar, og med bureisingsbruk frå 1900-talet. Området har stor variasjon og tidsdjupn, med kulturhistoriske og kulturavhengige biologiske verdiar som er skapte gjennom tradisjonell drift over svært lang tid.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Naturreservata Sandehorten og Vistehorten ligg innanfor området. Her er det fredingsforskriftene og skjøtelsesplanane som gjeld. Vågå kommune har forvaltningsansvaret for verneområda. Nordherad vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. Sidan


2009 er området med i den landsomfattande satsinga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket», ei tilskotsordning basert på spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med brukarane i området. Det er utarbeidd ein eigen forvaltningsplan for området, og det blir tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtselstiltak som mellom anna tek vare på kulturarven. KULA-området har same avgrensing.

Vågå kommune vedtok hausten 2018 ein kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad, utarbeidd i samarbeid med bygningsvernradgivarane frå Gudbrandsdalsmusea. Arbeidet med kulturminneplanen viser at enkelte verdifulle bygningstypar som smie, tørrstugu, kvernhus og uthus/skåle er spesielt utsette for forfall og tap. Landskapet er sårbart for attgroing og for nye, større bygningar i og ved eksisterande gardstun. Det tørre klimaet har bidrege til at bygningar har halde seg godt. Med framtidige klimaendringar kan dei gode bevaringsforholda endre seg.

Landskapet er avsett som omsynssone c) med særleg omsyn til kulturmiljø med retningslinjer i kommuneplanens arealdel (2017–2027). Det er viktig at kommunen held fast ved omsynssona med retningslinjer og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel, for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel.
- > Framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde oppe kvalitetane i landskapet. Det bør stimulerast til framleis jordbruksdrift, for å hindre attgroing og sikre at området beheld karakteren det har i dag.
- > Istandsetjing av utsette bygningstypar som smie, tørrstugu, kvernhus og uthus/skåle bør prioriterast.
- > Ny busetnad, som mellom anna driftsbygningar, bør tilpassast den tradisjonelle busetnaden både i plassering, volum, form og materialval og ta mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø. Dette gjeld særleg ved freda og verneverdige gardstun.
- > Bygge- og vedlikehaldsplanar for bygningsarven bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.
- > Element som underbyggjer karakteren i det historiske landskapet, bør takast vare på, slik som gravrøyser, rydningsrøyser, steinmurar, gamle vegfar og vatningsveiter.





Bøverdalen ligg omringa av høge fjell på alle kantar – her med den freda garden Sulheim til høgre. Foto: Jiri Havran, Riksantikvaren

6. Bøverdalen

Ferdsl og jordbruk ved foten av fjellheimen

Lom kommune

Areal: 119,9 km²

Området ligg i landskapsregion 11) øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud og 16) høgfjellet i Sør-Noreg

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Dalføret går sørvestover frå Fossbergom i Lom og opp mot Sognefjellet, der det er fjellovergang til Sogn på Vestlandet. Dalen har fått namn etter elva Bøvre, som renn ut i elva Otta. Området er avgrensa i nordaust ved garden Andvord, og i sørvest ved Høydalsseter og Bøvertun. Nedre del av sidedalen Leirdalen går parallelt med Bøverdalen i den sørvestlege delen av området. Mot søraust er ein del av sidedalen Visdalen, som strekkjer seg innover mot den sentrale delen av Jotunheimen, med.

SKILDNING

Området er prega av dalar med bratte lier og høge fjell med toppar på over 2000 meter over havet, og ligg mellom Jotunheimen og Breheimen. Fjellformasjonane har både massive, avrunda former og skarpe alpine ryggar og tindar.

Ferdsl gjennom dalen har vore viktig for kontakt og handel mellom innland og kyst. Frå Bøverdalen går varda vegfar over fjellet mot Vestlandet. Ei rute følgjer dagens Nasjonal turistveg Sognefjellet (Statens vegvesen) langs fv. 55 sørover mot Luster, medan ei anna rute går lenger nordvest via Høydalen. Frå Bøverdalen var det òg vegfar over til Valdres, via Visdalen og Utladalen til Vang og vidare til Filefjell. Det var dessutan ferdsl frå Lundadalen i Skjåk og over fjellet til setergrenda Neto i Bøverdalen, der Skjåks-garder har setrar. Nede i dalen er restar etter eldre kløv- og rideveggar bevarte i det tronge passet Geidde, like sør for Galdesanden. Gardane i området var pålagde eit arbeidskrevjande ansvar for vedlikehald av vegstrekningar både mot nabobygder og over fjellet. I tillegg skulle dei sørgje for å frakte reisande som døydde, ned frå fjellet, og sørgje for kvileplassar med beitemoglegheiter oppover dalføret.

Funn og gardsnamn peikar mot fast busetjing, i alle fall i midtre og nedre del av dalen, alt i jernalderen. Det er gjort funn frå jernalderen heilt oppe ved Dalsvatnet på 750 meter over havet, noko som kan tyde på ei høgtliggjande busetjing alt då. Jakt, fangst og utnytting av utmarksressursar går betrakteleg lenger tilbake i tid.



Postkort med utsikt frå Røysheim nedover Bøverdalen, truleg frå 1950-talet. Foto: Harstad/Gudbrandsdalsmusea AS

Dalen er utsett for ras, og både tradisjon og tufter viser at gardar har vorte flytta som ei følgje av rasfaren. Klimaet er prega av varme, men korte somrar. Dei høge fjella gjer at det er lite nedbør, og det har vore nødvendig å føre vatn frå fjellet for å kunne drive jordbruk.

Gardsbusetjinga har fordelt seg på fem hovudområde i dalen – Nedredalen, Medalen, Galdebygda, nedre del av Leirdalen og Runningsgrend. Den faste busetnaden strekkjer seg til Kvandalsvoll på 715 meter over havet. I området er det ei rekkje store og markante gards-tun, mellom anna det freda gardstunet på Sulheim med bygningar frå 1500–1800-talet. På Nørdre og Søre Marstein står det to langloft frå mellomalderen. I tillegg er det mange tidlegare husmannsplassar på meir marginale område. Dei fleste husmannsplassane er no nedlagde, eller har berre nyare bygningsmasse. Det er seterområde i dalsidene i Bøverdalen, i Visdalen, rundt Neto seter og i Høydalen.

Fleire godt bevarte, lange og intrikate vassveiter i området har ført vatn ned frå fjellet og spreidd det ut til dei ulike gardane. Slike vatningssystem som er bygde av tømmerstokkar, er karakteristiske for dei svært nedbørsfattige områda i Nord-Gudbrandsdalen. Dei har ikkje berre sikra avlingane, men også gitt

overskot av korn i gode år. Bordvassvegen fører vatn frå rundt 1450 meter over havet oppe i sørsida av Lomseggje, og 1000 meter ned til ni av gardane i nedre Bøverdalen. Det krevjande anleggsarbeidet vart utført i 1830-åra av spesialisten «Vass-Per» frå Skjåk. I dag blir stien langs vassvegen brukt som kultursti. Fleire av vatningsvegane er framleis i bruk og utgjer ein viktig del av jordbruksdrifta.

Som innfallsport til Breheimen og Jotunheimen er området viktig i den tidlege fotturismen, og turisme vart ei viktig tilleggsnæring. I dalen finn vi turisthytter som Elveseter, Raubergstulen, Bøvertun, Høydalsseter og Jotunheimen Fjellstue. Her har både gardar og setrar teke imot dei første turistane, og fjellstueane har seinare utvikla seg til reine turisthytter. Garden Røysheim hadde ein av dei første turiststasjonane i landet i pionertida for norsk fjellturisme på slutten av 1800-talet og har vore eit viktig utgangspunkt og kvilestad for tindeklivarar, klatrarar og fjellvandrarar. Hit kom den kjende britiske tindeklivaren William Cecil Slingsby fleire gonger, og staden tiltrekte seg også forfattarar og kunstnarar som Gude, Grieg, Ibsen, Thaulow, Vinje, Garborg og Munthe. Heile gardsanlegget, med bygningar hovudsakleg frå 1700–1800-talet, er freda.



Nyhussætre ved Høydalsvatnet. Foto: Espen Finstad, Innlandet fylkeskommune

LANDSKAPSKARAKTER

Den tronge og bratte dalen er omgitt av store fjellområde. Dei slakare partia av dalbotnen har vore enklast å utnytte til jordbruk og busetjing. Landskapet er prega av store, markante gardstun i dalbotnen, tidlegare husmannsplassar og setergrrender oppe i dei bratte dalsidene. Ofte speglar plasseringa av desse bruka ressursutnytting på ulike høgdenivå i landskapet. Vassveitene viser at det har vore avgjerande å føre vatn frå fjellet for å kunne drive jordbruk i eit nedbørfattig område. Andre linjeelement er dei mange vegfara, til nabobygder og som del av viktige ruter over fjellet sørover og mot Vestlandet.

NASJONAL INTERESSE

Området er viktig både som sentral jordbruksdal i Nord-Gudbrandsdalen og som innfallsport til fjellheimen. Intakte bygningsmiljø og andre kulturminne fortel historia om busetjing og ressursutnytting i eit marginalt, tørt og rasutsett område. Vatningsvegane er typiske for regionen og viktige i nasjonal samanheng. Både sjølve dalføret og fjellområda er særskilt rike på vegfar og andre ferdselsminne, ikkje minst knytte til det viktige sambandet over Sognefjellet mellom Nord-Gudbrandsdalen og fjordane i Sogn. Området er eit av kjerneområda for den tidlege fjellturismen i Noreg.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Ein del av området i vest, nord for Høydalsvatnet, inngår i Høydalen landskapsvernområde. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanen som gjeld. Breheimen nasjonalparkstyre har forvaltningsansvaret for verneområdet. Landskapet i Bøverdalen vart


utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. KULA-området har same avgrensing.

Området er sårbart for attgroing, særleg seterområde som ikkje lenger er i bruk. Seterbygningar som har gått ut av bruk, er utsette for forfall. Døme på dette er fleire restar av steinfjøs som ein kan sjå på dei gamle seterkvæene i Høydalen. Mange tidlegare seterbygningar er tekne i bruk som hytter, noko som fleire stader har medført endringar i byggjeskikk og eit visst tap av det autentiske seterpreget. Det tørre klimaet har bidrege til at bygningar har halde seg godt. Med framtidige klimaendringar kan dei gode bevaringsforholda endre seg. Landskapet er sårbart for nye, større bygningar i og ved eksisterande gardstun. Spor knytte til ferdsel, som sti- og vegfar, kvileplassar, varderekkjer og skystasjonar bør registrerast og dokumenterast for å sikre landskaphistoria rundt ein viktig fjellovergang. Mange av vassveitene som har gått ut av bruk, er sårbare for attgroing. Moglegheita for fleire tørkesomrar i eit endra klima kan gjere det nødvendig å ta dei i bruk att.

KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde ved like kvalitetane i landskapet.
- > Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- > Nye driftsbygningar bør plasserast og utformast på ein måte som tek mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø – særleg ved freda og verneverdige gardstun som ligg godt synlege i landskapet.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar for bygningsarven bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.
- > Ferdselsminne bør registrerast, og eit representativt utval bør bevarast for ettertida.
- > Det bør setjast i verk tiltak mot attgroing av vatningsvegane. Kommune og kulturminnestyresmakt bør sikre kompetanse slik at dei som ønskjer det, kan få rådgiving ved restaurering.
- > Det går føre seg fleire parallelle arbeid med registrering og kartfesting av seterbusetnad, vegfar og vassveiter i området, mellom anna i samband med kulturminneplanen til kommunen. Kunnskap frå dette arbeidet dannar eit viktig grunnlag for vidare forvaltning av området.



7. Tesse og Smådalen

Bygdenært utmarkslandskap

Lom kommune

Areal: 200,7 km²

Området ligg i landskapsregion 14) fjellskogen i Sør-Noreg og 16) høgfjellet i Sør-Noreg (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området ligg nordaust i Jotunheimen, med Ottadalen i nord og Bøverdalen i vest. Den regulerte innsjøen Tesse, på 854 meter over havet, strekkjer seg frå nord til sør med utløp mot Ottadalen i nord og utgjør austdelen av området. Landskapet omfattar i tillegg Smådalen med elva Smådøla og nord for dette fjellmassivet omkring Kvitingssjøen med to fjelltoppar på 2064 og 2060 meter over havet. Mot sør blir området avgrensa av fjellryggen mot Veodalen med Nørdre Trollsteinshø på 2201 meter over havet som den høgaste toppen. Like bak Trollsteinshø ragar Glittertind i Jotunheimen.

SKILDRING

Landskapet er rikt på spor etter ekstensiv utnytting av utmarksressursar, som vitnar om aktivitet og busetjing i området i fleire tusen år. Rundt Tesse og i Smådalen finst steinalderlokalitetar, fangstanlegg, jernvinneanlegg, graver, samiske buplassar og spor etter beite- og seterdrift.

Ved Tesse ligg det i dag 20 setrar og område med grasproduksjon og beite for sau og storfe. Både setrane og fiskeressursane i vatnet har vore viktige for grenda Vårdalen i Garmo i Ottadalen. Rettane til aurefisket i Tesse har i lang tid tilhørt Vårdalen statsallmenning. Utgravingar av steinalderlokalitetar ved vasskanten viser at det var aktivitet rundt vatnet så tidleg som 4500 f.Kr., på slutten av eldre steinalder, med tyngdepunkt i yngre steinalder. Buplassane var plasserte rett innanfor dei store sandbankane og ved inn- og utløp som seinare vart sentrale som gode fiskeplassar. Det er derfor mogleg at fiske alt i yngre



Smådalen med Kvitingssjøen i bakgrunnen. Setrer i dalbotnen til høgre i biletet. Foto: Finn Loftesnes



Om sommaren trekkjer reinen opp på fonnene for å kjøle seg ned og sleppe unna insekt. Frå Langfonne på Kvitingssjøen.

Foto: Espen Finstad, Innlandet fylkeskommune

steinalder kan ha spelt ei rolle i bruken av området. Dei fleste gjenstandane som er funne, knytter seg likevel til jakt og fangst. Eit undersøkt jernvinneanlegg frå overgangen mellom eldre og yngre jernalder viser korleis ein etter kvart òg utnytta andre tilgjengelege ressursar. Fiskeressursane har aldri hatt nokon naturleg tilgang til Tesse, og bestanden her er sett ut og halden ved like av menneske, truleg frå yngre jernalder eller endå tidlegare. I reguleringssona for vatnet er det funne garnsøkke frå merovingartida (første del av yngre jernalder) og fram til mellomalderen. Sløer, det vil seie fiskefeller, var i bruk i Smådøla.

Det ligg omfattande fangstsystem i sørenden og nordenden av Tesse. I skogen her var det gode levevilkår for elg, hjort og rådyr, og ein trekkveg for storvilt passerer vatna. Fangstanlegga i Smådalen er laga med tanke på reinflokkane som trekte opp mot Kvitingssjøen for sommarbeite. Ei tufterekkje frå vikingtida kan truleg knytast til desse anlegga. Blant minne etter jakt og fangst i Smådalen er det òg spor etter tamreindrifta, som kom etter at villreinen i Jotunheimen vart utrydda for om lag 100 år sidan.

Smådalen er frodig, med gode føresetnader for setring. Dalen er lett tilgjengeleg frå begge sider, både frå Lom/Bøverdalen og Garmo/Vårdalen. Tydelege vegfar vitnar om lang tids ferdsel gjennom dalen. Dei

siste åra er det registrert kulturminne som kan vere samiske. Mellom anna har det vore diskutert om to sirkelforma tufter ved Grjotåi kan tolkast som samiske gammetufter. Ingen av desse kulturminna er grundig undersøkte, og det må jobbast vidare med tolkingar av både arkeologiske og skriftlege kjelder.

Høgaltpine område som Kvitingssjøen har alltid vore attraktive leveområde for rein på sommartid. Fenner med urørleg is har bygd seg opp over tusenvis av år, og reinen trekkjer opp på fonnene for å kjøle seg ned og sleppe unna insektplaga. Fennene har derfor også vore gode jakt- og fangstområde. Inne i isen ligg gjenstandar som ein gong vart mista i snøen. Klimaendringane fører til at desse no kjem til syne i isen. Piler, skremmepinnar med raslande never eller bjørkeris som jegerane sette opp for å leie reinen mot skyttarstillingar, klede, sko, ski, hestesko og mykje meir gir unike innblikk i tidleg ferdsel og jakt. I isen blir også det organiske materialet bevart, noko som elles er sjeldan ved arkeologiske funn. Storfonne, Langfonne og Handkelfonne på Kvitingssjøen er undersøkte i regi av det brearkeologiske sikringsprogrammet. Herfrå har vi dei eldste brearkeologiske funna så langt i Skandinavia. Dei eldste funna er frå omkring 4000–3800 f.Kr., i byrjinga av yngre steinalder. Her vart mellom anna Noregs eldste sko, som er



Ein hudsko frå bronsealderen, Noregs eldste sko, smelta fram frå isen i 2006. Foto: Espen Finstad, Innlandet fylkeskommune

frå bronsealderen, funnen i 2006. Mengder med jaktutstyr er funne frå ein periode på tre tusen år fram til 1200-talet, då jakta truleg vart redusert fordi reinbestanden var overutnytta.

Sidan 1941 er Tesse regulert, og vasstanden varierer no mellom 854 og 842 moh. Når vatnet står høgt, kan landskapet opplevast som tilnærma likt det opphavlege kulturhistoriske landskapet. Tidleg på våren, når vatnet står svært lågt, er inntrykket likevel svært annleis, med store synlege sandbankar rundt vatnet.

LANDSKAPSKARAKTER

I aust og sør er området prega av den fiskerike innsjøen Tesse og den frodige utmarksdalen Smådalen, som utgjer eit geografisk grenseland mellom dei nære jordbruksbygdene og høg fjellsområda. Fjellmassivet rundt Kvitingeskjølen er høg fjell med brear og toppar på over 2000 meter over havet. Rike utmarksressursar i skog, fjell, vatn og vassdrag har gitt gode vilkår for både jakt, fangst og fiske, jernutvinning, beite og seterdrift, som det finst ei rekkje spor etter.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet fortel ei historie om ekstensiv utnytting av utmarksressursar nær bygda over svært lang tid. Området står i ei særstilling særleg på to område: Undersøkingane av Tesse som fiskevatn har gitt ny kunnskap om innlandsfiske som ein viktig ressurs også i forhistoria, kanskje så langt tilbake som til yngre steinalder. Kunnskap om at folk sette ut fisk så langt tilbake i tid, gir oss innblikk i ei langsiktig planlegging av bruken av landskapet. Dei brearkeologiske funna på Kvitingeskjølen er oppsiktsvekkjande både i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er ikkje langt frå Tesse til funnstaden på Kvitingeskjølen, og det set funna inn i ein viktig kulturhistorisk kontekst. Funna av moglege samiske kulturminne bidreg ytterlegare til verdien av området.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING


Området rundt Smådalsvatni i Smådalen er naturreservat. Her er det verneforskriftene som gjeld. Lom kommune har forvaltningsansvaret for verneområdet.

Reguleringa av Tesse, og dessutan overføringa av vatn frå Veodalen til Smådalen, har ført til tap av og skadar på kulturminne. Fleire steinalderlokalitetar som vart påviste i nordenden av Tesse på 60-talet, er no eroderte bort og har gått tapt. Erosjonen er seinare noko stabilisert, men er framleis ein trussel for kulturminna og landskapet. Dei brearkeologiske lokalitetane er sikra. Landskapet er sårbart for ny hyttebusetnad og inngrep i dei tradisjonelle seterområda, som også er sårbare for attgroing.

KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Funnstadene der gammel is smeltar, må følgjast opp.
- > Framleis slått og beite i seterområda er viktig for å halde oppe kvalitetane i landskapet.
- > Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprege miljøet i området bør sikrast.
- > Element som underbyggjer karakteren i det historiske landskapet, bør takast vare på, slik som vegfar, tufter og fangstanlegg.





Tunet på Søre Prestgard har store og flotte tømmerbygninger og er omgitt av eit aktivt jordbrukslandskap.

Foto: Heidal Ysteri / Cathrine Dokken

8. Heidal

Klassedelt jordbrukssamfunn i tradisjonsrik dal

Sel kommune

Areal: 85,5 km²

Området ligg i landskapsregionane 11) øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud og 14) fjellskogen i Sør-Noreg

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Heidal er ein sidedal på vestsida av Gudbrandsdalen langs elva Sjoa. Dalføret startar ved tettstaden Sjoa ved Lågen og går opp mot Aust-Jotunheimen. Området omfattar Heidal frå Kleive, på 320 meter over havet nedst i dalen, går inn til Leirflaten, vidare inn nedre Murudalen langs elva Nermuru til Dokknes og seterområda omkring Stålane aust for Meringsdalsvatnet på omkring 1000 meter over havet. På solsida i Heidal går innmarksområda opp mot 700–750 meter over havet, medan seterområda ligg på 800–1000 meter over havet.

SKILDRING

I nedre del av Heidal, nedanfor tettstaden Bjølstadmo, flatar dalbotnen ut og gir plass til jordbruksareal frå

elva og eit stykke oppover i lia. Ovanfor Bjølstadmo er dalen markert med bratte, skogkledde skråningar ned mot elva og jordbruksareal på dei litt flatare areala lenger oppe i lia. På Leirflaten og innover Murudalen vidar dalbotnen seg kraftig ut og går gradvis over i slakare lier opp mot fjellet.

Det er få kjende arkeologiske spor i området, men det kjem truleg av manglande arkeologiske undersøkingar. Kjende spor, som fangstgroper og gravfunn, kombinert med ressursar og naturlege føresetnader, gardsnamn og busetjingshistorie i mellomalderen, tyder på at dalen var busett i jernalderen.

Karakteristisk for den nedre delen av Heidal er dei mange store gardstuna med tømmerbygningar på rekkje og rad i dalsida. I den siste istida låg det ein bredemd sjø her, og strandlinja etter sjøen viser seg som ei markant hylle i dalsidene. Mange av dei gamle gardane ligg på denne hylla, med åkrar i bakkane både ovanfor og ned mot dalbotnen. Jorda har gjennom tidene vore samla på få bruk, og husmannsvesenet varte lenge. Den sosiale lagdelinga mellom storgardane, mindre bruk og dei mange husmannsplassane er framleis synleg i eigedomsstrukturen, gjennom



Den freda garden Kruke er eit godt døme på dei mange freda gardstuna med tømmerbygningar som ligg i totunsløysing – typisk for Gudbrandsdalen. Foto: Irene Skauen Sandodden, Innlandet fylkeskommune

plassering på ulike høgder i landskapet. I dag er få av plassane bevarte, men mange ruinar i området viser omfanget av både husmannsplassar og småbruk.

Innanfor området ligg til saman 96 vedtaksfreda bygningar frå 1700- og 1800-talet fordelt på 14 gardstun og tre tidlegare husmannsplassar, med bygningar knytte til ulike funksjonar. Eit bruk kan ha to stuebygningar, tømmerlåve, storfe fjøs, grisehus, sauefjøs, geitefjøs, stall, loft, stabbur, eldhus, smie, kvern og fleire utlør. På enkelte gardar finst meir enn 20 bygningar. I tillegg til dei freda bygningane er mykje av busetnaden i Heidal verneverdig. Nær gardane er det mange førekomstar av artsrik naturbeitemark.

Sentralt i bygda ligg Heidal kyrkje frå 1941, ein tru kopi av kyrkja frå 1752 som brann i 1933. Ved kyrkja står gamle Bjølstad kapell, oppført på Bjølstad i 1531, med portalplankar frå den eldste kyrkja i Heidal, ei stavkyrkje frå 1000-talet. Desse portalplankane har truleg den eldste treskurden i landet.

Setrane finn vi høgt oppe i lisdene på begge sider av dalføret heilt inn til Murudalen. Ifølgje tradisjonen skal dei første setrane ha lege i områda nær bygda. Etter kvart som det vart fleire bruk og fleire dyr, vart setrane tekne i bruk til fast busetjing, og det vart bygd nye setrar lenger unna, heilt opp til Holsætrin og Stålane i Murudalen.

I høgtliggjande skogsområde frå Leirflaten og inn i Murudalen var det omfattande bureising i mellomkrigstida og i åra etter andre verdenskrigen. I 1937 vart heile 6000 mål lagde ut til bureising, og ryddinga starta i 1939. På 60-talet kom ei ny bølge med bureisingar.

Landskapet er elles prega av grasproduksjon og beite i dei brattaste partia og i områda opp mot skogen. Dette er mest utprega på solsida, medan det på baksida er fleire nyryddingsområde med lite utmarksbeite. I seterområda er det ei blanding av kulturenger og gamle setervollar. På elveslettene rundt Leirflaten er det utmarksprega beite på furumoar.

LANDSKAPSKARAKTER

Området er eit dallandskap med elva Sjoa og sideelva Nermuru som sentrale landskapselement. Nedre Heidal er prega av store tun med godt bevarte tømmerbygningar, med grasproduksjon på innmarksareal og beitemark i bratte parti og i utmarka. Plasseringa av hovudgardane, mindre bruk og restar etter husmannsplassar på ulike høgder i landskapet fortel ei historie om den tidlegare sosiale lagdelinga i området. Øvre del av området er prega av bureisingbruk og seterområde.



På same terrassehøgde i dalsida ligg dei freda gardane Nordre og Søre Harildstad, Kruke og Hæringstad på rekkje. I høgda ovanfor ligg eldre husmannsplassar som høyrde til under gardane. Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren

NASJONAL INTERESSE

Det kulturhistoriske landskapet i Heidal er kjenne-teikna av jordbruksbusetnad frå viktige fasar i nyare tid. Dei store, velbygde og særprega gardstuna frå 1700- og 1800-talet ligg på rekkje og rad i dalsida og representerer noko av det mest verdifulle i tradisjonell norsk bygningsarv. Bygda har ein svært rik tømmerbusetnad med heile 96 freda bygningar. Både bygningane og plasseringa dei har i landskapet, illustrerer på ein tydeleg måte dei sosiale forskjellane i bygdesamfunnet og viser samanhengen mellom gardsdrift i bygda og måten dei utnytta utmarksressursar i dei meir høgtliggjande områda. Bureisingsbruka i øvre del av området vitnar om ein viktig fase i norsk jordbrukshistorie.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING


Sjoa naturreservat ligg innanfor området. Her er det verneforskriftene som gjeld, og statsforvaltaren har forvaltningsansvaret. Heidal vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. KULA-området har same avgrensing.

Landskapet er sårbart for attgroing og for nye, større bygningar i og ved eksisterande gardstun. Det tørre klimaet har bidrege til at bygningar har halde seg godt. Med framtidige klimaendringar kan dei gode bevaringsforholda endre seg. Dersom spor og bygningsmiljø knytte til ulike brukstypar går tapt, vil forteljinga om ulike klassar i jordbruksamfunnet bli mindre synleg.

Omsynssone c) med retningslinjer for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane er innarbeidde i kommuneplanens arealdel (2016–2025). Det er viktig at omsynssona med retningslinjer, og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel, blir halden ved like for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel.
- > Framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde ved like kvalitetane i landskapet.
- > Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- > Nye driftsbygningar bør plasserast og utformast på ein måte som tek mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø – særleg ved freda og verneverdige gardstun som ligg godt synlege i landskapet.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar for bygningar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.
- > Det er viktig å ta vare på den sosiale historia i bygda gjennom å bevare kulturminne knytte til mindre bruk, husmannsplassar og bureisingsbruk.



9. Gjende og Sjudalen

Landskap med setring og tidleg turisme

Vågå og Lom kommunar

Areal: 223,9 km²

Området ligg i landskapsregionane 16) høgfjellet i Sør-Noreg og 14) fjellskogen i Sør-Noreg (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området strekkjer seg frå vatna Gjende og Leirungen i sørvest langs elva Sjoa ned dalen til Riddarspranget og over til Randsverk i nord. Austover frå Nedre Sjudalsvatnet tek området med seg delar av Griningsdalen og Russdalen mot vest. Vestre del av området ligg i Jotunheimen nasjonalpark.

SKILDRING

I øvre del av området ligg det lange, smale vatnet Gjende med Øvre og Nedre Leirungen i sidedalar, omgitt av toppar på rundt 2000 meter over havet.

Her er Besseggen, med bratt og luftig utsikt ned i det grønne Gjende i sør og det djupblå Bessvatnet i nord. Området nedover Sjudalen, Griningsdalen, Russdalen og Randsverk byr på mildare terreng og er prega av spor etter brelvar frå siste istid.

Dei mange eldre spora frå steinalderen og fram til nyare tid viser at utmarksressursane i området har vore viktige for menneske som var busette i Gudbrandsdalen og i fjellområda. Seterhus, steinbuer og fangstanlegg fortel om jakt, fangst og setring. Då vitkapsfolk, kunstnarar og dei første fotturistane fekk auga opp for fjellet ved midten av 1800-talet, var traktene rundt Gjende eit av dei områda som først fekk besøk. Dei urbane gjestene frå England og Kristiania fekk hjelp av bygdefolket. Kjende namn her er mellom andre Petter og Jens Tronhus, som var fjellførarar, reinjegerar og etter kvart turistvertar. Sjudalen var eit viktig seterområde, og i starten tok



Den smale Besseggen er eit ynda turmål. Her sett frå Bandet, med Bessvatnet til høgre og Gjende i bakgrunnen.

Foto: Memurubu / Cathrine Dokken



Bygningane på Kvarbergsetra er typiske for setrene i Sjudalen og Griningsdalen. Vintersetringa sette andre krav til bygningane – sela var store, og fjøsa har dei karakteristiske «måsåtreva». Foto: Kari Stensgaard, NIBIO

fotturistane inn på setrane og i steinbuer inne i fjellet. Etter kvart vart det lagt betre til rette for overnatting på fleire av setrane ved Gjende og i Sjudalen. Enkelte av dei utvikla seg seinare til turiststasjonar og fjellhotell. Ved Gjendeosen hadde den legendariske reinjegeren og fritenkjaren Jo Gjende bua si. Her møttest bygdefolk, overklasse og kunstnarar. Henrik Ibsen gav ut skodespelet *Peer Gynt* i 1867, og bukkerittet over «Gjendineggen», inspirert av Besseggen eller Knutshø, bidrog til å marknadsføre denne fjellheimen ytterlegare. Gjende var det store målet for reisa i den engelske boka *Tre i Norge ved to av dem*, ei av dei mest kjende reiseskildringane frå den tidlege turismen på 1800-talet. Ruinen av Blackwellbua ved Russvatnet er eit minne etter den engelske general Blackwell, som brukte mykje tid i fjellet her.

DNT, etablert i 1868 med bankier og friluftsmann Thomas Heftye som ein av initiativtakarane, fremja turismen i fjellet. Heftye hadde nær tilknytning til området og til «Sikkelsdalens interessentselskap», som etablerte Bessætra som den første turiststasjonen i Aust-Jotunheimen. DNT etablerte Gjendebu i 1871. Same år vart Gjendine Slålien fødd i eit steinbygd setersel her. Heile livet sitt var ho budeie i fjellet. Ho møtte Edvard Grieg, og folkesongen hennar inspirerte komposisjonane hans – best kjend er Gjendines bådnål.

DNT varda Noregs første fotturistrute frå Bessætra i Sjudalen over Veslfjellet og Besseggen til Memurubu i 1874, og seinare vidare til Gjendebu. Alle dei nemnde turisthyttene har sidan fått nybygg eller utvidingar i fleire omgangar.

Gjendebu og Memurubu ved Gjende hørde til gardar i Lom. Setrane i Sjudalen og Griningsdalen tilhøyrer gardar i Vågå og er kjerneområdet for den norske tradisjonen med vintersetring. Setrane slik vi kjenner dei i dag, er truleg frå 1700-talet. Enkelte av dei ligg fem–seks mil frå garden. I staden for å køyre fôr ned til garden dreiv bøndene buskapen tilbake til fjells i november for å utnytte fôret der – kalla «vinterlego». Vintersetringa kravde store fjøs med plass til å lagre fôr og store sel med fleire matbuer. Mange av fjøsa har eit høgare midtparti med eit såkalla «måsåtre» til å tine mose, som var ein viktig del av vinterfôret. Turen opp til dei inste setrane tok to dagar. I området finst bevarte seterhus, fiskebuer og kvilesetrar som tilhøyrer freda og verneverdige gardstun nede i bygda. Her er òg parti med artsrik naturbeitemark. I Randsverk, som ligg omtrent halvvegs mellom setrane og gardane, var det «kvilingsseter» med hus og fjøs der dei kvilte. Seterområdet er svært godt bevart, med slåtte- og beitemark og seterbusetnad. Sagbruket til Langmorkje allmenning var

etablert her i 1901. Det er framleis i drift og er ein viktig arbeidsplass for folk i Randsverk.

På sørsida av Gjendeosen, vis-a-vis Gjendesheim, er eit unikt kulturhistorisk miljø med stor tidsdjupn. Her er fleire steinalderbuplassar, restar etter ein gravhaug og eldre jakt- og fiskebuer, mellom anna bua etter Jo Gjende. Tidleg på 1900-talet vart villreinen utrydda i Jotunheimen, men det er mange spor etter den gamle villreinfangsten. Over 550 dyregraver og fangstgroper vitnar om storstilt reinfangst. Framleis beitar det rein i Sjødalen, etter at Vågå tamreinlag vart oppretta i 1942. Dette bidreg til opplevinga av landskapet og dyrelivet i fjellheimen.

Sommaren 1943 dreiv okkupasjonsmakta militær- trening i Sjødalen. Det er anteke at det var godt over tusen mann i området. Offiserane hadde hovud- kvarter ved Gjendesheim, og det er fleire krigsminne i nærleiken. Teltplassar og øvingsfelt låg i Leirungs- dalen, sør for området.

Ei rute mellom Gjende og Bygdin er med i Historiske vandreruter (DNT og Riksantikvaren), og Nasjonal turistveg Valdresflye (Statens vegvesen) går gjennom området.

LANDSKAPSKARAKTER

Området strekkjer seg frå dei markante Gjendefjella nordover i mildare terreng med seter- og skogland- skap. Historia som knyter seg til jakt, fangst og setring, er framleis lesbar i landskapet. Ytst i den frodige Griningsdalen er det framleis seterdrift med geit, og vegetasjonen ber preg av høgt beitetrykk. I området rundt Gjende har seterområde og byg- ningsmiljø i stor grad endra funksjon frå seterdrift til turisme. Dei gamle spora frå den første turismen er synlege ved Gjende og Gjendeosen, den godt bevarte Bessætra (i dag Bessheim), Hindsæter og Randsverk turiststasjon. Elles er Sjødalen og Randsverk framleis prega av seterlandskap og viser såleis korleis utmarka er ein viktig ressurs.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet har ein unik posisjon i det nasjonale medvitet, der Gjende som del av Jotunheimen og Sjødalen er innfallsport og «forgard» til Jotunheimen. Den tidlege fjellturismen i Noreg starta i Jotun- heimen, og dei vakre omgivnadene gjorde det spesielt attraktivt å kome hit. Området fortel historia om korleis nordmenn begynte å bruke fjellet og utmarks- ressursane på nye måtar frå midten av 1800-talet, frå jakt, fangst og setring til fotturisme og rekreasjon, som gav nye næringar til bygdefolket. Gjennom Henrik Ibsens skodespel *Peer Gynt* har fjellområdet vorte eit nasjonalt ikon. Sjødalen og Griningsdalen er dessutan eit kjerneområde for vintersetring i Noreg.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Landskapet ligg delvis innanfor Jotunheimen nasjonal- park, og fleire naturreservat ligg i området. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanen som gjeld. Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre har forvaltningsansvaret for nasjonalparken, Vågå kommune for naturreservata.


Auka turisme kan føre til slitasje og skade på kultur- minna. Besøksstrategien for nasjonalparken legg viktige føringar for vidare utvikling og for korleis ein kan styre trafikk slik at ein tek vare på sårbare kultur- minneverdiar.

Området blir trua av attgroing på grunn av mindre beiting. Dei godt bevarte seterbygningane kan, gjen- nom ei endring av bruken frå setring til fritidsformål, vere sårbare for endringar av særleg selshuset. Uthus som ikkje lenger er i bruk, kan over tid forfalle som følge av manglande vedlikehald. Det er særleg viktig å ta vare på dei særne bygningane som er knytte til vintersetringa. Tap av setrar og buer vil påverke og forringe det heilskaplege biletet av korleis gardane har vore uløysleg knytte til utmarka.

KULA-området bør visast i kommuneplanens areal- del som omsynssone c) med særleg omsyn til land- skap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- > Slitasje og skade på kulturminne bør unngåast gjennom tett samarbeid med reiselivsaktørar. Tilretteleggingstiltak med tilhøyrande skjøtselsavtalar bør planleggjast for fleire kulturminne som toler tilrettelegging.
- > Ei vidare utbygging i Sjødalen bør gå føre seg på ein slik måte at ein tek vare på landskapskvalitetane i området. Det er viktig at historia om jakt, fangst, setring og tidleg turisme framleis er lesbar.
- > Enkelte heilskaplege og godt bevarte setrar der den unike vintersetringa framleis er lesbar, er viktige kulturminne. Det er særleg viktig å ta vare på setrar, kvilesetrar, fiskebuer og jaktbuer som tilhøyrer freda eller verneverdige gardar i bygda. Det bør avklarast om det finst fleire bevarte element som fortel om framveksten av turismen på slutten av 1800-talet.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.





I dette området går det hvert år et stort elgtrekk, en ressurs menneska her har utnytta gjennom tidene. Foto: Ian Brodie



Dei grøne linjene viser dagens elgtrekk og korleis trekket framleis kryssar dei gamle fangstsystema som er markerte i svart. Kart: Torill Skillingsaas Nygård, Innlandet fylkeskommune

10. Dokkfløy, Espedalen og Murudalen

Elgfangstlandskap

Gausdal, Sør-Fron, Nord-Fron og Sel kommunar

Areal: 634,3 km²

Området ligg i landskapsregionane 11) øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud og 14) fjellskogen i Sør-Noreg

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Det langstrekte landskapet strekkjer seg frå søraust til nordvest, frå området rundt og aust for Dokkfløyvatnet, med traktene rundt Dokkelva, vidare oppover i området vest for elva Jøra i Vestre Gausdal til den tronge Espedalen og den vide Murudalen. Dei mange vatna i området ligg på omkring 650 til 1000 meter over havet – mellom anna dei langstrekte vatna Dokkfløyvatnet og Espedalsvatnet og Slangen og Olstappen mellom Espedalen og Murudalen. Vestlege delar av området inngår i Langsua nasjonalpark og i Espedalen landskapsvernområde.

SKILDRING

Området har spor etter omfattande jernutvinning, særleg rundt Olstappen. I dalsida rundt Espedalsvatnet finst òg førekomst av koparmalm som folk freista bryte frå 1600-talet. På midten av 1800-talet vart eit nikkerverk anlagt på den markante «Verksodden» nede ved vatnet. Fjellområda har vore nytta til setring, fiske og turisme. Det er likevel kulturminne og historia knytt til elgtrekket og elgfangsten som verkeleg pregar dette landskapet.

Mellom områda rundt Dokkfløy og Murudalen går i dag eit av Nord-Europas største elgtrekk. Trekket kryssar framleis fleire lange rekkjer med fangstgroper som nesten har sperra trekket langs sørvestsida av Espedalsvatnet og vidare inn i Murudalen. Undersøkingar peikar mot at fangstgropsystema var i bruk i to hovudperiodar, på 200–500-talet og 1000–1600-talet. Fangstgroper frå yngre steinalder kan ein òg finne.

Arkeologiske undersøkingar i samband med reguleringane av vatna Dokkfløy og Olstappen har gitt oss god kunnskap om den aller tidlegaste elgjakta. Ei samling brende elgbein ved innløpsosen i Olstappen er så gamle som frå 8000 f.Kr. – i eldre steinalder. Dette er truleg restane av ein slakteplass og viser at både elg og jegerar har vore i området ganske raskt etter at isen trekte seg tilbake. Ei bergflate med tre elgfigurar ved Dokkfløy er teken vare på i Kittilbu Utmarksmuseum. Dei mange buplassane som er undersøkte ved vatna, viser at storviltjakt har vore eit viktig ressursgrunnlag i desse områda gjennom heile steinalderen og inn i bronsealderen.

Den sentrale rolla elgen har i området, vart stadfesta hausten 2018, då ei gruppe hellemleri med elgmotiv vart oppdaga i Espedalen. På ei bratt fjellside som går rett ned i vatnet, er minst fem elgar, ein bjørn og ein menneskeliknande figur måla i raud okermåling. Hellemleria kan mest sannsynleg knytast til ein fangstkultur mot slutten av yngre steinalder (4000–1800 f.Kr).

Denne tidlege jakta har hovudsakleg gått føre seg med pil og boge, sjølv om fangstgroper kan ha vore i bruk. Vi veit ikkje om elgen alltid har hatt behov for å trekkje like langt som i dag. Med andre temperaturar, som i den varmare eldre steinalderen, er det mogleg at tilgang til beite sommar og vinter var annleis enn i

dag. Dei som jakta, oppheldt seg ved dei store vatna, som Dokkfløyvatn, Olstappen og Espedalsvatnet. Truleg trong dei ikkje reise langt for å finne elgen. Mot slutten av jernalderen og særleg i mellomalderen vart fangstanlegga viktigare, fram til krutvåpen vart vanleg til jaktformål frå 1700-talet. Det er så mange fangstanlegg her at det er naturleg å gå ut frå at jegerane har fått eit overskot som dei kunne bruke i bytehandel. Ressursar som pels, hud, skinn og gevir har vore attraktive bytevarer i vikingtida og tidleg mellomalder.

Dei store vatna er demde opp, men elles er dei skogrike dalføra urørte av større tiltak. Det er avgrensa med infrastruktur, hyttefelt og turisthotell. Derfor er det mogleg for elgen å vandre lange strekningar utan menneskeskapte hinder, og samtidig kan ein relativt lett kome tett på både dyr og natur. Området blir derfor promotert som «vennleg villmark».

Elgjakta er framleis svært viktig i området, både som privat jakt og som del av forvaltninga av elgbestanden. Elgen er òg utgangspunkt for eit større verdiskapingsprosjekt i området, som formidlar kunnskap og historie om elg og elgjakt gjennom den felles merkevara «Elgland». Som ledd i dette arbeidet er det bygd eit 12 meter høgt elgtårn som overnattingsstad ved Ramstjern, i nordenden av Espedalen. Utforminga av



På ei flate nede ved Espedalsvatnet finn ein flotte måleri frå steinalderen med motiv av elg, bjørn og menneske.

Foto: Unni Grøtberg

tårnet minner om tradisjonelle jakttårn, men her kan ein overnatte komfortabelt midt i elgtrekket og kome tett på natur og dyreliv.

LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet er stort og langstrekt og følger eit av Nord-Europas største elgtrekk. Det strekkjer seg frå elgens sommarbeite i det vidstrakte lågfjellandskapet rundt Dokkfløy til det skogkledde vinterbeitet i Murudalen. Trekkvegen mellom dei to beiteområda går gjennom tronge dalføre. Her er lange rekkjer med fangstgroper frå vatna og opp dalsidene på tvers av trekkruta. Ved hjelp av forma i landskapet er fangstgropene brukte til å sperre trekket på effektivt vis. Den lange historikken som er knytt til elgjakta i området, er godt lesbar i terrenget.

NASJONAL INTERESSE

Kulturminne som er knytte til elgfangsten, med hellemåleri og ristningar av elg, buplassar ved vatna, fangstgroper og moderne jakttårn, viser at landskapet har vore brukt til elgfangst samanhengande i lange tider. Datering av 10 000 år gamle brende elgbein er eineståande i norsk samanheng. Hellemåleria i Espedalen er svært sjeldne, og dei einaste i sitt slag i Oppland, Hedmark og Buskerud. Saman med dei rissa

elgane ved Dokkfløyvatnet blir området dermed særskilt viktig for figurativ bergkunst. Kulturminne og landskap gir ei unik moglegheit til å fortelje historia om ein aktivitet som framleis er svært viktig i nasjonal samanheng. Her ser vi ulike fasar, frå jakt som i hovudsak handla om overleving, til ei meir marknads- og handelsorientert storjakt med fangstanlegg, og til dagens meir fritids- og forvaltningsretta jakt.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING


Området ligg delvis innanfor Langsua nasjonalpark, Dokkfarete og Espedalen landskapsvernområde og fleire naturreservat. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanane som gjeld. Langsua nasjonalparkstyre har forvaltningsansvaret for dei større verneområda, statsforvaltaren for naturreservata.

Fangstanlegga ligg i dag godt bevarte i dalen, også dei som ligg inne i dei få utbygde hyttegrendene, truleg grunna stor lokal interesse for desse kulturminna. Kommunane Gausdal, Nord-Fron og Sør-Fron legg vekt på dette området i ein igangsett felles kulturminneplan. Med ein auka turiststrøm knytt til verdiskapingsprogram vil faren for slitasje og skade på kulturminna auke. Område i Espedalen er sårbare for hytteutbygging, som kan påverke både bevaringa og tilgjenge til kulturminna. Hellemåleria er særleg sårbare, både med tanke på naturlege nedbrytingsprosessar og menneskeleg påverknad, og det er viktig å få på plass ei god sikring av lokaliteten.

KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Slitasje og skade i samband med auka turiststrøm bør unngåast ved at kommunane planlegg tilretteleggingstiltak med tilhøyrande skjøtselsavtalar i samarbeid med bedriftsnettverket.
- > Områda tett på og mellom dei store fangstanlegga bør i hovudsak haldast frie for større tiltak, slik at trekkruta til elgen kan opplevast som eit samanhengande og heilskapleg kulturmiljø.
- > Hellemåleria må sikrast.
- > Arbeidet med å etablere ein innfallsport til Langsua nasjonalpark på Verksodden i samråd med nasjonalparkstyret bør vidareførast og sjåast i samanheng med Randsfjordmuseet si formidling på Kittilbu. Tilrettelegging av og informasjon om kulturmiljø i området er ein del av dette arbeidet.





Ovanfor Gudbrandsdalslågen, som danner store svingar i dalbotnen, ligg ei solvend li med tettstaden Hundorp og eit mosaikklandskap av jordbruksareal, beitemark, bratte skråningar med berg- og rasmark, bekkekløfter og skog i bakgrunnen.

Foto: Espen Hagejordet, Wikimedia Commons

11. Frya – Harpefoss

Gudbrandsdals-landskap – jordbruk, makt og ferdsel

Sør-Fron kommune

Areal: 20,7 km²

Området ligg i landskapsregion 10) nedre dalbygder på Austlandet

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Landskapet ligg i ei sørvend dalside, mellom bygdene Harpefoss i vest og Frya i aust, langs nordaustsida av Gudbrandsdalslågen. Garden Hundorp ligg sentralt i området.

SKILDRING

Denne delen av Gudbrandsdalen er karakterisert av store og samanhengande landskapsrom. I området ligg eit mindre rom i sør, rundt Fryasletta, med bratte, rasutsette sider. I nord opnar landskapet seg i

det store rommet rundt Hundorp og grenda Ryssland, før dalen igjen snevrar seg inn rundt Harpefoss. Det ligg i ei solvend, svakt skålforma, høg li, med markerte dalhyller som bryt opp det hallande terrenget. Godt jordsmonn og eit terreng som passar godt til dyrking, har gitt grunnlag for åkerbruk og husdyrhald. Her er fleire store gardar på eit forholdsvis lite område.

Ein viktig føresetnad for den rike ressurstilgangen er Harpefossen rett vest for området, som ligg som ein effektiv flaskehals i Lågen. Fossen har bidrege til eit rikt fiske og vore eit trafikknutepunkt i skiftet frå elvebasert til landbasert ferdsel vidare nordover – viktige supplement til det tradisjonelle jordbruket både på Hundorp og i Rysslandgrenda.

Området er blant dei eldste busetjingsområda i Gudbrandsdalen, og garden Hundorp var i lang tid eit viktig politisk og religiøst maktsenter. I området

rundt Hundorp finn vi eit monumentalt gravfelt frå jernalderen, med seks store gravhaugar og to steinleggingar. I saga om Olav den heilage beskriv Snorre møtet mellom kong Olav og hersen Dale-Gudbrand på garden i 1021. Ein av mennene til kongen skal ha knust ein Tors-figur med klubba si, og møtet representerer etter tradisjonen eit vendepunkt i kristninga av Noreg. I mellomalderen vart både den verdslege og religiøse maktbasen flytta til området Steig-Alme, som ligg lenger oppe i lia. Steig var kongsgard, og i saga om Håkon Håkonsson blir det fortalt at kongen lét byggje ein veitslehall her.

Funn av ei skaftholøks frå yngre steinalder på prestegarden i Sør-Fron vitnar om tidleg jordbruk. Tidlegare trudde ein at den eldste jordbruksbusetjinga i Gudbrandsdalen låg omtrent midt i den solvende lia. Men etter utgravingane i samband med ny E6 vart det slått fast at det var gardsbusetjing i dalbotnen i bronsealderen og eldre jernalder. Nærleik til elv og flaumfare ser ikkje ut til å ha påverka val av bustad. På Fryasletta viser fire meter tjukke lag

korleis jordbruksland ei rekkje gonger er dekt eller øydelagt av ras og flaum, og rydda og dyrka på nytt fleire gonger. Førestillinga om eit fåtal «urgardar» som har vore splitta opp i mindre einingar ved befolkningsauke, har òg måtta vike for eit meir komplekst bilete. Funn vitnar om stor mobilitet og om flytting av tun i landskapsrommet. Heile landskapet synest å ha vore langt meir intensivt utnytta enn ein har trudd tidlegare.

Det fanst fire kyrkjer eller kapell i området i mellomalderen, på gardane Steig, Alme, Listad og Kjørstad, men ingen av dei er bevarte. Dagens åttekanta Sør-Fron kyrkje, innvigd i 1792, ligg godt synleg på ei høgde ovanfor Hundorp. På 1700- og 1800-talet var Sør-Fron òg eit militært senter med ekserserplass og sjefsgard.

Området har alltid vore viktig som eit knutepunkt for ferdsel gjennom Gudbrandsdalen. Hovudvegen har hatt skiftande trasé til ulike tider, i samheng både med lokale maktforhold og kravet styresmaktene hadde til linjeføring og standard. Dagens



Den karakteristiske åttekanta Sør-Fron kyrkje, omgitt av det vakre kulturlandskapet. Foto: Natural Lights/Knoff

tilrettelagde pilegrimsveg går gjennom heile området, og delar av denne traséen var i bruk alt i mellomalder. På 1600-talet vart det organisert skysstell i området, og det har vore skysstasjonar på mellom anna Hundorp, Oden, Listad, Grytting, Veslhove og Jensbakken. Jernbanen kom til Sør-Fron i 1896 og førte mellom anna til etablering av hotell på Hundorp.

Eit særtrekk ved landskapet i dag er dei store gardstuna som Hundorp (Dale-Gudbrands gard), Steig, Grytting, Alm, Hove, Rolstad og Kjørstad. Gardane har eldre bygningsmasse som ligg godt synleg i terrenget på markerte terrenghyller i fleire høgder. Det er lite eller ingen spreidd busetnad mellom tuna. Mange av gardane og dei tidlegare husmannsplassane har tradisjonell tømmerbusetnad frå 1700- og 1800-talet. Samtidig er det mange døme på panelarkitektur frå 1800-talet. Det finst to freda mellomalderloft på gardane Sygard Forr og Sygard Grytting. Dagens tettstad har vakse fram på ein terrasse nedanfor Sør-Fron kyrkje, i tilknytning til den gamle kongevegen og gamle E6 (i dag fv. 2522).

Dei mange steingardane som omkransar jorde i området, og dessutan solide murar på begge sider av geiler og vegar, vitnar om det store rydningsarbeidet som er utført gjennom tidene. Det er verdifulle og artsrike kulturpåverka naturtypar i området, mellom anna knytt til naturbeitemark og slåttemark.

LANDSKAPSKARAKTER

Området inneheld eit stort samanhengande landskapsrom i vest og eit mindre i aust og er prega av sørvende, svakt hellande og lune dalsider med lang solgang. Landskapet vekslar mellom frodige jordbruksareal, beitemark, bratte skråningar med berg- og rasmark, bekkekløfter og skog. Vekslende arealbruk dannar eit mosaikklandskap med store estetiske kvalitetar. Store gardstun med eldre tømmerhus på markerte terrenghyller er dominerande innslag i landskapet.

NASJONAL INTERESSE

Jordbrukslandskapet har stor tidsdjupn, og dei mange rike, store gardane med Hundorp (Dale-Gudbrands gard) i midten var i lang tid eit maktsentrum i Gudbrandsdalen. Viktige hendingar knytte til Noregs kristning skal ifølgje Snorre ha funne stad her.

Området har i lang tid vore eit knutepunkt for ferdsel langs hovudfartsåra mellom Vika og Trøndelag. Landskapet har eit stort mangfald av ulike typar verdifulle kulturminne frå ulike tidsperiodar, knytte til tømmerbusetnad, nettverk av steingjerde, geiler og vegfar og kulturmarker. Området er opplevingsrikt og godt eigna til forskning, formidling og friluftsliv.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING


Landskapet vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. KULA-området har same avgrensing.

Landskapet er sårbart for attgroing og for nye, større bygningar i og ved eksisterande gardstun. Det tørre klimaet har bidrege til at bygningar har halde seg godt. Med framtidige klimaendringar kan dei gode bevaringsforholda endre seg.

Arealet er avsett med omsynssone c) i kommuneplanens arealdel (2014–2025). Det er viktig at omsynssona med retningslinjer, og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel, blir halden ved like for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel.
- > Framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde oppe kvalitetane i landskapet.
- > Dei kulturhistorisk verdifulle bygningsmiljøa og ferdselsminna bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- > Nye driftsbygningar bør plasserast og utformast på ein måte som tek mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø – særleg ved verneverdige gardstun som ligg godt synlege i landskapet.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.



12. Vinstre

Reinsjakt- og stølslandskap

Øystre Slidre og Vang kommunar

Areal: 91,7 km²

Området ligg i landskapsregion 14) fjellskogen i Sør-Noreg og 15) lågfjellet i Sør-Noreg (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Vatnet Vinstre ligg på terskelen til Jotunheimen, nord for Beitostølen, og strekkjer seg frå fv. 51 over Valdresflye og Bygdin i vest til Sandvatnet i aust. Vatnet er ein del av Vinstervassdraget. Avgrensinga av området går eit stykke opp i fjellsidene som omkransar vatnet på alle kantar. I søraust følgjer grensa eggja på Skreddalsfjellet. Vest for området ligg det markante Bitihorn. Søraustlege del av området inngår i Langsua nasjonalpark.

SKILDRING

Saman med Tyin, Bygdin og Kaldfjorden dannar Vinstre ei rekkje med store vatn som utgjer ein

nesten uavbroten vassveg frå vest til aust gjennom fjellområdet. Vinstre er regulert (1032–1028 moh.), og høgaste regulerte vasstand står éin meter over opphavleg vasstand. Områda mellom vatna har danna naturlege flaskehalsar for dei store nord-sør-gåande trekka med reinsdyr. Dette har gjort området til eit attraktivt jakt- og fangstområde gjennom store delar av historia.

Området ligg ved foten av høgfjellet med eit tøft klima når vêret står på. Samtidig er liene rundt vatnet slake og sørvende, med næringsrikt jordsmonn og godt beite. Langs vatnet ligg buplassar, tufter, fangstgroper og stølar, dei fleste på nordsida av vatnet. Den største konsentrasjonen av kulturminne finn vi ved Bjørnhølen i den austre enden til vatnet. Her blir vatnet innsnevra, og små holmar mellom nord- og sørsida gjer dette til eit naturleg kryssingspunkt for dyr.

På fleire verutsette nes uti vatnet viser funn at menneske har hatt jamleg opphald i heile perioden frå

omtrent 7500 f.Kr. fram til omtrent 1000 f.Kr. Her ligg tjukke lag med skjørbrend stein, steinavfall etter reiskapsproduksjon og bein frå reinsdyr, som vitnar om storviltfangst. På eitt av nesa vart det dessutan funne to graver frå yngre jernalder (550–1050). Den eine, truleg frå 500-talet, er ei såkalla «fjellgrav» eller «utmarksgrav», som gjerne finst i nærleiken av vatn eller ferdselsårer i gode fangstområde langt frå bygdene. Inni ein liten steinsirkel under torva ligg pilspissar, knivar, ein spydspiss, ei saks og ein skinnskrapar. Dei som gravla døde her i yngre jernalder, grov seg altså ned i ein buplass som første gong vart teken i bruk i eldre steinalder, 8000 år tidlegare.

Vinstre er i dag eit godt fiskevatn. Vi må rekne med at fisket òg har vore viktig tilbake i tid, men auren har ikkje hatt ein naturleg innvandringsveg, på grunn av store fall nedanfor Vinstre. All fisk i vatnet har nok derfor vorte sett ut. Det er uvisst kor tidleg dette starta. Funn av garnsøkke indikerer garnfiske i mellomalderen. Spor etter naust, båttopptrekk, båtstøer og ein særeigen båttopplagringsplass med båtforma steinsetjingar på Gravolsøddin gir innblikk i ein hovudsakleg nord-sør-gåande båttrafikk over vatnet, knytt til både fiske og stølsdrift.

Tidlegare var det over 40 stølar i drift langs Vinstre. I 2010 var det framleis drift med mjølkeproduksjon med ku og geit på ni stølar. Skriftlege kjelder fortel om stølsdrift i 1781, og nye stølar til bureisingsbruk kom til så seint som på 1940-talet. Lokale stølsregistreringar av kulturminne utfyller historia om livet på stølane. Her finn vi kjølingskjelder, geiler, leikeplassar, badekulpar, lokkeplassar for budeiene, veg, vegmerke, varp, røyser og steinmurar. Stølsvollane vart slått før, men i dag blir dei først og fremst brukte til beite. Dei færraste stølane har stølsjord som kan haustast maskinelt. Stølsbusetnaden er kjenneteikna ved at mange av tømmerbygningane er panelte og raudmåla.

Stølane langs Vinstre var opphavleg langstølar eller sommarstølar til gardane mellom Skammestein og Beitostølen, sør for området. Tidlegare vart buskapen driven langs stølsvegar over fjellet. Før reguleringa var det ein bufarveg frå sør- til nordsida over Straumen i austenden av Vinstre. Frå tidleg på 1900-talet vart mjølka transportert med motorbåt og frakta vidare til meieri og ysteri. Før dette vart det produsert ost og smør på stølane. Båt vart òg brukt til å frakte turistar inn til Haugseter Fjellstue på nordaustsida av vatnet. På Haugseter har dei teke imot reisande sidan



Langs Vinstre finn ein spor etter fleire tusen år med busetjing, storviltfangst og fiske. Seinare vart områda tekne i bruk til støling, noko som gir kontinuitet til ei langvarig historie med utnytting av ressursane her ved foten av Jotunheimen.

Foto: Kulturhistorisk museum



Mørstadstølen. Foto: Kulturhistorisk museum

1880-talet. Fjellstua er framleis i drift, men bygningen er frå 1994, etter at den gamle brann ned.

Vinstre vart regulert i 1944–49, med tosidige konsekvensar for kulturminna. Fleire av lokalitetane ligg utsett til og blir gradvis eroderte av vatn og is. Samtidig har føresegnar i konsesjonen sikra at vi i seinare tid har fått henta ut store mengder kunnskap om kulturhistoria til området. Etter reguleringa vart det vanskeleg for båten å leggje til, og etter krav frå både stølsbrukarar og kommunen kom arbeidet med veg i gang tidleg på 1950-talet. Stølsmjølka kunne no transporterast med bil til næraste meieri. Vegen følgjer nordsida av vatnet, går vidare austover til Skåbu og knyter Valdres saman med Gudbrandsdalen. Han blir kalla Jotunheimvegen og har vorte ein populær turistveg. Rundt 10 000 bilar køyrer her kvar sommar, og vegen inngår i sykkelruta Mjølkevegen, som formidlar kulturhistoria til området både digitalt og med skilt ute i terrenget.

LANDSKAPSKARAKTER

Sentrale landskapselement er vatnet Vinstre, breiddene med utstikkande nes og slake lier og fjellsider rundt. Dei fleste spora etter menneske, med stølane som dei mest markante i landskapet, ligg på nordsida av vatnet, der dei sørvende liene er prega av godt jordsmonn og beite. Vatnet er plassert på tvers av dei store reinsdyrtrekka. Det er årsaka til at det er gjort mangfaldige funn knytte til reinsjakt gjennom eit langt tidsrom. Særleg har det vore mange funn i austenden, der det er eit naturleg kryssingspunkt for dyr. Karakteristisk for stølsmiljøa er panelte og raudmåla tømmerbygningar.

NASJONAL INTERESSE

Menneske har brukt dette landskapet til fangst, ferdsel, fiske og stølsdrift over ein periode på 9500 år, og det har gitt oss sjeldsynt mange kjende kulturminne som kastar lys over kulturhistoria i høgfjellet. Spora etter den tidlegaste bruken med storviltfangst, fiske og ferdsel i steinalderen finn vi i dei same områda som seinare vart tekne i bruk til stølsdrift, og dei er godt bevarte. Føresegnar i konsesjonen knytt til reguleringa har sikra at vi har fått henta ut store mengder informasjon om kulturhistoria til området. Dei metertjukke laga med organisk masse gir unike moglegheiter til å auke kunnskapen om den tidlege bruken av slike fjellområde.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Ein del av området ligg innanfor Langsua nasjonalpark. Sanddalstjedn naturreservat ligg innanfor området. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanen


som gjeld. Det er høvesvis Langsua nasjonalparkstyre og statsforvaltaren som har forvaltningsansvaret.

Landskapet er ope og sårbart for nye tiltak, som blir synlege frå lang avstand. Reguleringa av Vinstre har ført til skadar på fleire kulturminne, spesielt steinalderbuplassane. Erosjonen er noko stabilisert, men det bør vurderast jamleg om buplassane bør sikrast mot ytterlegare erosjon. Auka besøk og ferdsel på Mjølkeruta kan medføre fare for slitasje og skade på kulturminna. Trafikk til dei gamle steinalderbuplassane kan føre til konflikt med stølsdrifta. Stølslandskapet er sårbart både for sterk endring i bygningsmassen og ved at det opne beitelandskapet gror igjen. Framleis drift på stølane føreset nye bygg, noko som viser utviklinga av stølsdrift frå historisk til moderne drift, men ein bør samtidig ta vare på eksisterande bygningsmiljø.

KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegnar til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Kulturminne i reguleringssona blir gradvis eroderte bort og kjem til å forsvinne over tid. Det er viktig å sikre enkelte lokalitetar frå vidare erosjon. Lokalitetane som forsvinn, bør dokumenterast.
- > Det bør jobbast tett opp mot aktørar i området for å planleggje eventuelle tilretteleggingstiltak ved steinalderbuplassane, slik at trafikken blir styrt på ein formålstenleg måte.
- > Vidareføring av stølsdrift og beitebruk er viktig for ivaretaking av verdiane i landskapet.
- > For å verne heilskapsinntrykket av stølslandskapet er det viktig at det ikkje blir opna for større moderne tiltak som mellom anna masseuttak og hytte-, hotell- eller campingutbygging.
- > Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør i hovudsak bevarast og det særprega miljøet i området sikrast.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.
- > Nødvendige nybygg bør ikkje gå ut over historiske element i stølsmiljøa. Er det behov for eksempelvis nytt fjøs, er det ønskeleg at det blir gitt moglegheit for å bevare eksisterande fjøs, sjølv om det fører til at ein overskrid tillate utbygd areal.
- > Jotunheimvegen bør takast vare på med same linjeføring, kurvatur, breidde og dekke som dagens veg.





På veg opp mot det høgste punktet av Kongevegen over Filefjell, med Øvre Smeddalsvatnet på sognesida i bakgrunnen.

Foto: Sverre Hjørnevik

13. Filefjell aust

Fjellovergangen på Den bergenske kongevegen

Vang kommune

Areal: 12,6 km²

Området ligg i landskapsregion 15) lågfjellet i Sør-Noreg

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området strekkjer seg frå vest for Tyinkrysset, i austenden av Otrøvatnet, og følgjer Kongevegen vestover over Filefjell i sørvestleg retning via Kyrkjestølane til grensa mot Lærdal kommune og Vestland fylke.

Kyrkjestølane ligg øvst i Smeddalen, dalføret som kjem opp frå Lærdal. Området går over i eit anna foreslått KULA-område vest for fylkesgrensa. Dei to områda femnar heilskapen i Filefjell-landskapet.

SKILDRING

Ved Kyrkjestølane går vasskiljet mellom Aust- og Vestlandet, med vassdrag som endar i Sognefjorden i vest og Tyrifjorden i aust. Dalføret over Filefjell ligg på omtrent 1000 meter over havet og er prega av vassdrag, fuktige myrar og tørre rygger. Terrenget i landskapet er skålforma, med Otrøvatnet i aust. Dalsidene i sør er slake, med store myrdrag, medan nordsida er bratt, blokkrik og delvis heilt dekt av steinur. Fjella rundt går opp mot 1500–2000 meter over havet.

Som den første offentleg bygde køyrevegen mellom aust og vest stod Den bergenske kongevegen ferdig på slutten av 1700-talet. Veggen fekk mykje å seie for ferdsele mellom landsdelane. Seinare har riksveg og

europaveg avløyst Kongevegen. Ferdselshistoria går langt tilbake. Ei rekkje spor viser ferdsel i steinalderen. I jernalderen var det fast busetjing her, og faste ferdselsveggar over Filefjell. Valdres var eit tyngdepunkt for jernutvinning i yngre jernalder og tidleg mellomalder, med dette området som eitt av fleire kjerneområde. Tydelege spor i terrenget etter kolgroper, omnar, slagghaugar og tufter vitnar om jernutvinninga. Jernet vart truleg frakta over fjellet mot kysten. Her er dessutan gravminne, skålgroper, fangstgroper og bogestillingar.

Eit eldre vegfar – ein av fleire såkalla saltmanna- eller sildemannsveggar mellom Valdres og Vestlandet – førte ned mot sørsida av Otrøvatnet og vidare mot Kyrkjestølane. Her ligg tuftene etter stavkyrkja St. Thomaskyrkja frå seint 1100-tal, bygd på det som truleg alt var ein etablert samlings- og handelsstad. Sælehus – herberge for vegfarande – kan ha lege i området alt då kyrkja vart bygd. På 1600- og 1700-talet vart det halde messe i St. Thomaskyrkja ein gong i året, med tilreisande frå Valdres, Hallingdal, Sogn og Gudbrandsdalen. Samtidig var det marknad, og bråk

og slåsting her skal ha vore årsaka til at kyrkja vart riven i 1808. Det er knytt mange segner, og dessutan folkemusikk, til kyrkja og rivinga av henne. Dagens kyrkje vart sett opp i 1971 og er omgitt av ei støls-grend med verneverdig bygningsmiljø og innslag av nyare fritidsbustader. Sentralt i området ligg tufter etter eldre stølsbygningar. Her var det nemleg støls-mark for øvre delar av både Lærdal og Vang. Ved sørsida av Otrøvatnet, der det eldre vegfaret kjem ned, ligg Gamlestøga. Her er tufter etter eit sælehus, kanskje frå seinmellomalderen, som vart avløyst av skysstasjonen Nystøga på nordsida av vatnet på 1600-talet. Då kom òg første postrute over Filefjell. I perioden 1660–1814 vart det bygd køyreveggar på kongeleg forordning – kongevegar – for å kunne frakte embetsfolk raskast mogleg mellom dei større byane. Den bergenske kongevegen heitte etter veglova av 1824 Den bergenske hovudvegen. Partiet over Filefjell stod ferdig i 1793. Kongevegane følgde i stor grad traseane til eldre rideveggar, men der ridevegane følgde terrenget over tørre rabbar og rundt knausar og haugar, skulle Kongevegen gå rett fram etter «det franske prinsippet». Transport med hest og kjerre stilte krav om jamne og tørre veggar. Hindringar vart fjerna med krut, og veggen fekk fast grusdekke og god drenering. Tidvis var veggen så bratt at det vart vanskeleg å kome seg opp med hest og kjerre. Etter berre 50 år vart enkelte parti derfor lagde om.

Kongevegen kan følgjast i parti opp gjennom heile Valdres. Frå Tyinkrysset ligg han delvis bevart langs nordsida av Otrøvatnet og vidare til Kyrkjestølane. På oversida av veggen finn ein restar etter ein trasé som er teken av ras, og truleg derfor forlaten og flytta lenger ned i terrenget. Frå Kyrkjestølane går den eldste og godt bevarte traséen mot Maristova i sørvest over myrområde, gjennom skogen, og opp mot det høgaste punktet på veggen nær fylkesgrensa omkring 1250 meter over havet. Her står Stiftsstøtta, ein marmorbauta som markerte det gamle skiljet mellom Akershus og Bjørgvin stift. Utsynet er vidt utover fjellområda, med mellom anna Hurrungane i nord. Herfrå går veggen vidare inn i Vestland, mot Maristova og Lærdalsøyri. Veggen har seinare vorte omlagd og utbetra ei rekkje gonger.

Kongevegraséen gjennom området er del av ei mykje brukt vandrerute, Kongevegen over Filefjell, som er sett i stand og strekkjer seg 10 mil mellom Vang i Valdres i aust og Lærdalsøyri i vest. Vern og tilrettelegging for bruk knytt til reiseliv og vandreturisme har i lang tid vore eit nasjonalt satsingsprosjekt. I 2014 vann vandreruta «Vakre vegars pris» og i 2017 EUs kulturminnepris «Europa Nostra», noko som gir kongevegen kulturhistorisk status i internasjonalt samanheng. Juryen la vekt på høg fagleg kvalitet, forankringa i lokalsamfunnet og kombinasjonen bevaring og bruk.



Ved vegen står framleis stein-støtta som markerer den gamle grensa mellom Akershus og Bjørgvin stift. Foto: Sverre Hjørnevik

LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet er prega av ein vest-aust-gåande høg-fjellsdal med vassdrag og myrar i vest og Otrøvatnet i aust, med bratte fjellsider i nord og slakare i sør. Ved Kyrkjestølane går vasskiljet mellom Vest- og Austlandet. Bruken av landskapet er prega av at området er eit naturleg knutepunkt for ferdsel, og av utmarksressursar i området. Her er tufter, spor etter jernutvinning og stølar – og dessutan fleire generasjonar av vegfar som viktige linjeelement i landskapet.

NASJONAL INTERESSE

Den bergenske kongevegen over Filefjell var den første køyrevegen mellom Austlandet og Vestlandet, ei av dei viktigaste historiske hovudrutene mellom aust og vest, og har ein sentral plass i samferdselshistoria vår. Ferdsel og transport av varer over denne fjellovergangen var avgjerande for sambandet mellom innland og kyst. Ferdselshistoria går langt tilbake. Området har òg betydning som eit av kjerneområda for jernutvinning i Valdres og som sosialt og handelsmessig samlingspunkt. St. Thomaskyrkja med immateriell kulturarv er landskjend.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Strekninga frå Kyrkjestølen til Maristova inngår i den nasjonale verneplanen til Statens vegvesen. Vegstrekninga innanfor KULA-området er avsett med


omsynssone c) med omsyn til kulturmiljø i kommuneplanens arealdel, og kommunedelplan for Tyinkrysset.

Vegfaret og område langs vegen er sårbare for slitasje ved auka bruk. Større tiltak som er synlege frå vegen, kan endre opplevinga av å gå på eit historisk vegfar. Nye tiltak i område som fram til no har verka tilnærma urørte, må vurderast med tanke på opplevingsverdien av landskapet.

Heile KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på heilskapen i ferdselslandskapet og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Tiltak langs vegen, eller som er synlege frå vegen, bør vurderast med tanke på den visuelle verknaden tiltaket har for opplevinga av vegen som eit historisk vegfar.
- > Skjøtsel skal skje med omsyn til kulturminna, og på vegetasjonsfagleg grunnlag. Det er utarbeidd ein skjøtelsplan for Kongevegen over Filefjell som skal brukast som grunnlag for skjøtsel.
- > Framtidig forvaltningsplan for vegstrekningane bør følgjast opp med retningslinjer og føresegner i arealplanar.



14. Stølsvidda

Aktivt stølslandskap

Nord-Aurdal og Vestre Slidre kommunar

Areal: 348,3 km²

Området ligg i landskapsregion 14) fjellskogen i Sør-Noreg

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Landskapet ligg på ei fjellvidde som blir avgrensa av Tisleifjorden og Tisleidalen i Nord-Aurdal i sørvest, følgjer vestsida av Storfjorden, går aust for Storlifjell og opp til Syndin-vatna i Vestre Slidre vestfjell i nord-aust. I aust grensar det mot dei skogkleddene liene ned mot gardane i Valdres. Området omfattar Ulnes og Svennes sameiger og Vestre Slidre statsalmenning og ligg på omkring 800–1100 meter over havet.

SKILDRING

Området er eit stort, ope og samanhengande vidde-landskap med store myrområde, mindre innsjøar og stølsmiljø. Flæidn (‘vide flater eller vidder’) er eit eldre namn, medan nemninga Stølsvidda har vore i bruk dei siste 45 åra. Her er det nærare 600 stølar, og kvar

tredje støl er framleis i aktiv bruk med utmarksbeiting, hausting av vinterfôr eller tradisjonell stølsdrift. Nær 50 av stølane har mjølkeproduksjon. Lang kontinuitet og stor aktivitet i området heng saman med tradisjon for husdyrhald og mangel på beite i bygda. Det blir òg drive stølsturisme basert på den aktive drifta og formidling av arbeidet på stølen. Den omfattande bruken av utmarksbeite gjer at store delar av landskapet framleis er ope. Nokre område er likevel prega av attgroing. Mange av stølane har gått over til å bli fritidshus, og nokre er heilt fråflytta. Det finst òg ein del hytter i skogbeltet. Den historiske vandreruta Stølsruta i Valdres (DNT og Riksantikvaren) vart merkt og tilrettelagd gjennom området i 2018.

Stølsdrifta i dette området har fleire hundre år gamle tradisjonar. Dateringar frå andre område viser at den historiske forma for stølsdrift kan førast tilbake til seinmellomalderen, på 1400- og 1500-talet. Størst aktivitet var det med fullstølsbruket på 1700- og 1800-talet, då både folk og dyr hadde tilhald på stølen heile sommaren. I område med fullstølsbruk var det vanleg å ha to eller tre stølar, men frå midten



Gauklie hadde i si tid kring 20 enkeltstølar, og mange av dei gamle bygningane er haldne ved like. Nokre av stølane er framleis i drift. Foto: Oskar Puschmann, NIBIO



Den freda Råstølen med Reinsennvatnet i bakgrunnen. At både garden Rå og stølen som høyrer til, er freda, viser samanhengen mellom gardsdrifta og fjellet som ressurs. Foto: Oskar Puschmann, NIBIO

av 1800-talet gjekk heimstølane som låg nærast gardane, ut av bruk.

Ei kartlegging av verdifulle og utsette bygningsmiljø (Valdresmusea 2020) viser at det finst 500–600 historisk interessante stølshus i området. Bygningane er sentrale for å forstå kor viktige stølsområda har vore som livsgrunnlag og kvinnearbeidsplass, i Valdres spesielt og i Noreg generelt. Her er eit mangfald av ulike bygningstypar frå ulike periodar i stølshistoria, som sel, kokehus, buer, mjølkeramper, løer, fjøs og naust. Nokre bygningstypar er særleg utsette og byrjar å bli fåtalige.

Stølane ligg samla i stølslag. Eit særtrekk ved byggeskikken er at sel og fjøs er plasserte øvst på jordet og løe nedst, typisk for midtre del av Valdres. Husa er anten lafta, bygde i reisverk eller ein kombinasjon. Sela er ofte panelte og måla, karakteristisk for Valdres. Bygningsmiljøa er prega av både eldre og nyare driftsmåtar. Byggeskikken varierer ein del mellom dei ulike stølslag. Råstølen på Kinnholt med sel, skåle, fjøs og låve, og dessutan ei kve, er freda som del av garden Rå i Vestre Slidre. Tidlegare vart vinterfôr hausta på utslåtter. Stadnamn og tufter etter utlør vitnar om denne bruken. Landskapet har innslag av kulturpåverka og artsrik naturbeitemark og slåttemark.

Lokale stølsregistreringar av kulturminne utfyller historia om livet på og rundt stølane: Her finn vi kjølingskjelder, geiler, leikeplassar, badekulpar, lokkeplassar for budeiene, vegar, vegmerke, varp, røyser og steinmurar. Eit døme på ein stad med historie er Gråtarplassen, der budeiene tok farvel med mennene sine. Av munnlege tradisjonar kjenner vi òg gamle vērmerke («vesta klare vil lenge vare – austa glette gje våt hette»), regler og segner. Runde morenehaugar med namn som Sevalshaugen og Sevathaugen har gjerne tradisjon om underjordiske, helst haugkallen Sevatt eller Sevald.

Dei malmhaldige myrane har gitt grunnlag for ei omfattande jernutvinning i jernalderen og mellomalderen. Utvinninga har etterlate seg talrike spor, som kolgroper og restar av jernvinneomnar. Det er gjort få undersøkingar om tidleg jakt og fangst, så dette har vi lite kunnskap om. Ved vatnet Reinsenn er det funne ein buplass som har vore i bruk i fleire omgangar gjennom store delar av jernalderen og mellomalderen. På grunn av ei karakteristisk utforming av ein steinsett eldstad (arran/aernie) er det diskutert om den siste fasen kan tolkast som samisk busetjing.

LANDSKAPSKARAKTER

Stølsvidda ligg på eit platå i fjellet og er eit vidde-landskap prega av myrområde, innsjøar og vatn og mange stølar, samla i stølslag. Vegetasjonen i landskapet er vidare prega av intensiv stølsdrift med avskoging, jernutvinning, omfattande vedhogst, beiting og førsanking gjennom fleire hundre år. Dette har bidrege til å halde landskapet ope, og det er lett å lese den lange historia knytt til tradisjonell stølsdrift.

NASJONAL INTERESSE

Valdres er den regionen i Noreg og Europa som har hatt mest omfattande stølsdrift, og Stølsvidda er eit nøkkelområde for stølsdrift i Valdres. Området har framleis den største konsentrasjonen av aktive stølar i Noreg og står derfor i ei særstilling, både i nasjonal og internasjonal samanheng. Landskapet har òg eit av dei bygningshistorisk mest interessante stølsmiljøa i landet. Stølane, med bygningar og artsrike kulturmark, viser kor stor plass utmarksbeitet har i jordbruket i området, og vitnar òg om ei tid der utmarka var viktig for busetjing og livberging i heile landet. Dessutan synleggjer stølane ein viktig tradisjonell kvinnearbeidsplass i norske bygder.



Beitedyr ved Midtre Syndin, med Gilastølane i bakgrunnen. Foto: Magnhild Apeland, Innlandet fylkekommune

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING


Landskapet vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. Sidan 2018 er området med i den landsomfattande satsinga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket», ei tilskotsordning basert på spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med brukarane i området. Det er utarbeidd ein eigen forvaltningsplan for området, og det blir tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtselstiltak som mellom anna tek vare på kulturarven. KULA-området har same avgrensing.

Dei største utfordringane i stølslandskapet er attgroing, forfall i bygningsmassen og tap av historisk viktige bygningar. Attgroinga har vore stor gjennom etterkrigstida, men ein betydeleg innsats med krattknusing og hogst har sidan 1990-talet bidrege til å halde viktige beiteareal opne. Området er sårbart for endringar som følgjer av at bruken blir endra frå landbruksformål til fritidsformål. Det er viktig å ta vare på bygningsmasse og vegetasjon som gjer at området framleis blir oppfatta som eit stølsområde og ikkje eit hytteområde. Sela på stølane er i stor grad bevarte, men ombygging og modernisering av sel har over tid ført til at særtrekk i byggjeskikk og viktige bygningsdetaljar blir reduserte. Fjøs, utlør og andre bygningar som har gått ut av aktiv bruk, er utsette for forfall, og mange tidlegare registrerte bygningar er borte.

Eit større areal i Nord-Aurdal er lagt inn i kommuneplanens arealdel (2014–2024) som omsynssone c) med retningslinjer som sikrar at området skal skjerast for inngrep som kan endre karakteren. Heile KULA-området bør visast som omsynssone c) i kommuneplanens arealdel, med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel.
- > Det er viktig å halde oppe innsatsen for å halde beiteareal opne.
- > Særtrekk i byggjeskikk og bygningsdetaljar bør vidareførast, og forfall på fjøs, utlør og andre bygningar som har gått ut av aktiv bruk, bør motverkast. Rapporten «Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres» (2020) og byggjeskikkrettleiaren for Valdres, «Rettleiar i byggeskikk og tilpassing til landskap» (2011), er gode verktøy i vidare forvaltning og prioritering av tiltak.
- > Ein bør unngå ytterlegare utbygging av mobilmaster innanfor området.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.





Utsyn over Vassfaret med vatna Nevlingen til venstre og Aurdalsfjorden til høgre. Foto: Jørn Jensen, Viken fylkekommune

15. Vassfaret

Den marginale utmarka

Flå, Nesbyen og Sør-Aurdal kommunar

Areal: 193,7 km² totalt, 109,7 km² i Oppland

Området ligg i landskapsregion 7) skogtraktene på Austlandet

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Landskapet ligg i eit skogsområde i grensetraktene mellom Valdres og Hallingdal. Det omfattar indre Vassfaret og den vestlege delen av Vassfaret og Vidalen landskapsvernområde, og følgjer same avgrensing som verneområda austover til Storrustfjellet.

SKILDRING

Landskapet følgjer det breie og skogkledd dalføret frå Strøsdammen i vest og ned mot Hedalen i aust. I den slake dalbotnen ligg vatna Øvre og Nedre Grunntjern, Skrukkefylla, Suluvatnet, Nevlingen og

Aurdalsfjorden omkransa av bratte skog- og fjellier på begge sider: Fledda mot nord, og Storrustefjell og Dyttholsfjellet mot sør.

Vassfaret var tidlegare tilhaldsstad for ein bjørnestamme, og for mange er området uløseleg knytt til skildringane av Vassfaret og jakta på slagbjørnen Rugg i forfatternen Mikkel Fønhus' bok *Der vildmarken suser*. Fønhus skreiv historia si i 1919, med inspirasjon frå det som er kjent som den lengste bjørnejakta i noregshistoria. Den DNT-merkte Ruggstien fører i dag opp til ei minneplate der bjørnen fall. Fønhus skil-drar landskapet slik:

«Mellem kalkhvite fjell krøkte Vassfaret seg nordover. Det var en trang fjelddal uten folk. Men vilddyrene skrek, og vildmarken nynet ødets og vaarnattens sang. Gammel krokfuru i liene, snebøid bjørk i fjeldkraket, frodig unggryn i dalbunden, alle spilte de kvistene ut og sang med.»

Men Vassfaret er meir enn villmark. Kulturminna viser ei langvarig og mangfaldig utnytting av utmarksressursar. Det er særleg kulturminne knytte til skogsdrift og fløyting som pregar området, men jakt, fangst, fiske, jernutvinning og småbruks- og stølsdrift har òg sett spor.

Skogsdrifta kan sporast tilbake til slutten av 1600-talet, med sikre kjelder om tømmerfløyting frå 1684. Som i andre skogsområde på Austlandet vart fløytinga i vassdraget særleg viktig då trelasthandelen auka i omfang utover 1700-talet. Det vart drive fløyting (eller brøtning, som det blir kalla her) fram til 1967. Kulturminne knytte til fløytinga er fire dammar, ved utløpet av Aurdalsfjorden, Nevlingen, Øvre Grunntjern og Strøsdammen. Ved demningane finst damvaktarbuer, overnattingshus for fløyttarar og skogsarbeidarar, naust og fiskebuer. Det er minst 18 kjende tømmerkoier i Vassfaret, fleire med stallar. Langs elvane mellom vatna er det spor etter forbyggingar, og i vatnet innanfor dammen i Aurdalsfjorden finst fleire lensedoppar.

Vi veit lite om tidleg busetjing i området. Under befolkningsveksten på 1700–1800-talet vart det trøngt om plassen nede i hovudbygdene, og då gav dei marginale plassane i skogs- og villmarksområdet ei moglegheit for levebrød. Dei første kjende gardane vart rydda frå midten av 1700-talet og utover 1800-talet. På det meste skal det ha vore 12 bruk og 20–30 setrar her inne. Den vesle mølla ved elva mellom øvre og nedre Grunntjern vitnar om korndyrking. Kornhausten har likevel vore uviss, så mange livberga seg gjennom ein kombinasjon av skogbruk, jordbruk, jakt, fangst og fiske.

Vassfarplassen og Amundheimen, ved Nevlingen, vart begge rydda rundt 1750. På Vassfarplassen er berre stabburet opphavleg, dei andre bygningane er sette opp på tuftene etter tidlegare bygningar i seinare tid. Her er òg artsrike slåttenger. På Amundheimen står i dag to lafta hus, som i seinare tid fungerte som skogshusvære. Like ovanfor står ei lita jakthytte i sveitserstil som truleg vart reist rundt 1900. Skulestua for området stod på Vassfarplassen frå 1866, men vart seinare flytta til Amundheimen.

Den siste garden vart fråflytta i 1914. Den siste fastbuande i området var Berte Skrukkefyllhaugen (1854–1950), som voks opp på plassen Skrukkefyllhaugen ved vatnet Skrukkefylla mellom Aurdalsfjorden og Nevlingen. Plassen vart rydda rundt 1840 og fråflytta etter brann i 1891. Berte og mannen budde i Vassfaret til 1921. Frå 2012 er stue, låve og fjøs gjenreiste på Skrukkefyllhaugen. Fleire setrar har bevarte eller gjenreiste hus.

Under andre verdskrig vart hovudkvarteret for heimefrontbasen «Elg» etablert her, og fjellpartia rundt Vassfaret vart brukte mykje som slepplass for forsyningar frå England. Ein kan framleis finne sleppkonteinrar i området. På Vassfarplassen og Amundheimen vart det arrangert troppssjefskurs, nokre av dei første og mest omfattande kursa som vart haldne i det okkuperte Noreg.

Fleire hus har hatt ulik bruk, mellom anna vart dei fråflytta husa på småbruka tekne i bruk som skogshusvære. Fleire av bygningane her kan truleg knytast til både jakt, fangst, fiske, jordbruk og skogbruk. Dette er karakteristisk for eit område der ressursane i utgangspunktet er marginale for fast busetjing, men



Stabburet på Vassfarplassen, med utsikt ut over Nevlingen. Foto: Ragnhild Hoel, Riksantikvaren



Retten innfor dammen i Aurdalsfjorden står framleis fleire lensedoppar ute i vatnet, og på land like bak står den gamle damstua.

Foto: Ragnhild Hoel, Riksantikvaren

der ei brei og mangfaldig utnytting av det som var tilgjengeleg, likevel gjorde det mogleg å leve her.

Etter etablering av verneområda i 1985 vart det laga ein kulturvernplan for delar av Indre Vassfaret, som mellom anna la vekt på vedlikehald av kulturminne og på å revitalisere skogsdrift i undervisningssammenheng. Ein avtale mellom Fylkesmannen i Oppland og grunneigarar var knytt til planen, som sist vart revidert i 2003. I perioden 1991 til 2007 vart det drive tradisjonell hogst, køyring og fløyting.

LANDSKAPSKARAKTER

Karakteristisk for Vassfaret er store og villmarksprega skogsområde, med vassdraget som sentralt landskapselement. Det er mange kulturminne etter fløyting og skogsdrift. Småbruk, skogshusvære og andre kulturminne fortel om både fast og temporær busetjing i området, basert på eit marginalt mangesysleri knytt til jakt, fangst og fiske, skogbruk og gardsdrift.

NASJONAL INTERESSE

Dei store, villmarksprega barskogområda i Vassfaret er karakteristiske for indre delar av Austlandet. Vassfaret og det rike dyrelivet her er i tillegg kjent for mange gjennom skildringane til forfattern Mikkel Fønhus. Kulturminna i Vassfaret er typiske for den breie og mangfaldige utnyttinga av utmarksområde som prega det norske samfunnet i perioden frå 1750 og inn på 1900-talet. Den tidlege fråflyttinga av fastbuande, kombinert med lite nyare utbygging, har ført til at kulturminna er relativt godt bevarte og gir eit tidsbilette frå ein periode der alle tilgjengelege ressursar i området vart tekne i bruk. Området er eit typisk døme på korleis folk livberga seg under marginale tilhøve, og kan gi oss mykje kunnskap om dette.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING


Området ligg i landskapsvernområda indre Vassfaret og Vassfaret og Vidalen, og fleire mindre område innanfor desse områda er freda som naturreservat. Her er det verneforskriftene og forvaltningsplanane som gjeld. Statsforvaltarane har forvaltningsansvaret for verneområda.

Området er sårbart for attgroing av opne kulturmarker på plassane, og dermed tap av kulturavhengig naturmangfald. Dessutan er det utsett for forfall og tap av kulturminne som er knytte til plassar, setrar, skogsarbeid og fløyting. Kulturminne knytte til fløytinga som ligg i sjølve vassdraga, er utsette for erosjon og skade frå vasstrykk og isskuring, og krev regelmessig vedlikehald.

KULA-området bør visast som omsynssone c) i kommuneplanens arealdel, med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Systematisk registrering av kulturmiljø bør gjennomførast, følgd av tilstands- og verdivurderingar, og dessutan aktuelle istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.
- > Areal på plassane og setrane bør skjøttast slik at dei blir haldne opne.
- > Den tidlegaste historia til området bør kartleggjast betre for å utdjupe biletet av bruken av utmarksressursane.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.



16. Randsfjorden

Skogbruks- og treindustriellandskap

Søndre Land kommune

Areal: 63,6 km²

Området ligg i landskapsregion 8) innsjø- og silurbygdene på Austlandet og 7) skogtraktene på Austlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Landskapet omfattar skogeigargardar langs begge sider av Randsfjorden (135 moh.) mellom Bjørnerud i nord og Enger i sør, inkludert tettstadene Hov og Holmen/Fall. Mot aust omfattar det områda langs Fallselva frå Trevatna til Holmen. I vest dekkjer området Lomsdalselva, med to sideløp på Fluberg vestås, Grevsjøen og Selsjøen, til utløpet ved gardane Søndre og Nordre Lomsdalen.

SKILDRING

Området ligg innanfor eit stort, ope landskapsrom rundt innsjøen Randsfjorden. Opp frå Randsfjorden ligg slake lisider der leirjord gir gode føresetnader for jordbruk. Landskapet går etter kvart over i skogkledde åsar med grus/morenejord. På vestsida strekkjer åsane seg opp til 500–600 meter over havet.

Frå midten av 1800-talet fekk skogeigande bønder langs Randsfjorden eigedomsrett til allmenningen til kongen. Samtidig vart dei strenge sagbruksprivilegia frå 1600-talet oppheva. Den teknologiske utviklinga med dampsagbruk, høvleri, tremasse-, cellulose- og papirindustri gav bøndene store moglegheiter til økonomisk utbytte av skogen. Høgkonjunktoren for skogbruket i Land varte til det vart eit kraftig fall i tømmerprisar i 1921. I same periode gjekk jordbruket



Garden By rett sør for tettstaden Hov, med Randsfjorden i bakgrunnen. Foto: Roger Vestrum



Rett bak Sandungsdammen ligg ein terskel i vatnet, truleg eit av få spor etter den første utbygginga på 1600-talet.

Foto: Torill Skillingsaas Nygård, Innlandet fylkekommune

gjennom eit hamskifte med modernisering og mekanisering, og vart i større grad marknadsretta.

Den gode økonomien førte til stor byggjeaktivitet på gardane med store skogeigedommar. Store våningshus i dei rådande stilartane, som sveitserstil, drakestil, jugend og nyklassisisme, og dessutan store einskapslåvar vart bygde. Det var inntektene frå skogbruket, ikkje jordbruket, som la grunnlaget for byggjeaktiviteten. I det same området finn vi òg bygningane til dei som jobba på skogen, både husmannsplassane der dei budde, og koiene der dei oppheldt seg under arbeidet. Desse små og enkle bygningane står i sterk kontrast til skogeigargardane og viser at ikkje alle samfunnslag fekk ta del i den økonomiske utviklinga.

Dei skogrike åsane rundt Randsfjorden ligg langt frå skipsleia, og skogbruket var lite utvikla før 1700-talet. Skogen hadde vorte brukt av dei gardane som hadde rett til å hente ut tømmer til eigen bruk i den kongelegge allmenningen. Frå gammalt av vart elvane brukte til transport av hus- og vedtømmer, medan den første kjende fløytinga for eksport var i 1634. På 1660–70-talet fekk fut Jørgen Phillipsson kongeleg privilegium på tømmerbruk i kongens allmenning i fleire delar av området, og dessutan rett til fløyting, utbygging av fossefall og førsterett til å kjøpe tømmer av bøndene.

Han bygde dammar, sluser og andre installasjonar i Lomsdals-vassdraget, som var det viktigaste fløytingsvassdraget på Veståsen, og som dekte eit enormt skogsareal. Randsfjorden gav gode moglegheiter for transport av trelast til Drammen.

I Noreg var den kystnære skogen i stor grad uthogd på 1700-talet. Skogsområda i innlandet vart viktigare. Då bøndene fekk eigedomsrett til kongens allmenning på midten av 1800-talet, spreidde utbyttet frå skogbruket seg til fleire av grunneigarane. Dei fleste av dagens fløytingsanlegg i Lomsdals-vassdraget er bygde i perioden 1870–1905. Her finst mange kulturminne etter fløyting, som elveforbyggingar, dammar, damhytter, skogshusvære, stallar, naust og fiskebuer. Etter andre verdskrig vart fløytinga i aukande grad utkonkurrert av frakt med lastebil på vegar ned til Randsfjorden. Fløytinga i vassdraget tok slutt i 1968. I regi av foreininga Lomsdalsvassdragets bevaring vart det i 1994 gjennomført eit restaurerings- og formidlingsprosjekt knytt til dammar, skogshusvære o.a.

Fallselva eigna seg ikkje like godt til fløyting, men fossefalla gav kraft til industri. Utviklinga av tetstaden Holmen – seinare kalla Fall – er knytt til bruk av kraft frå Fallselva til ulik verksemd frå slutten av 1700-talet og framover. Mellom anna vart vasskrafta brukt til sagbruk og garveri og Holmen Mølle, som var

i drift frå 1908 til tidleg 1960-tal. I 1874 kom Lands Træsliberi i drift, og i 1910 vart Skrankefoss Træsliberi anlagt noko høgare i elva. Tremasse og ferdige pappprodukt kunne fraktast ut frå Fall stasjon (1902) på Valdresbanen rett ved. Fabrikkane ved Fallselva fungerte som hjørnesteinsbedrifter i Fall og Holmen. Dei vart nedlagde i 1962, med store konsekvensar for lokalbefolkninga. Nokre fann seg arbeid ved andre treforedlingsfabrikkar, men mange vart vekependlarar til Oslo.

Produksjonsbygg på dei to fabrikkane inngår som del av ein kultursti med kulturminne knytte til Fallselva. Stien vart vald ut som Søndre Lands tusenårsstad. Fabrikkane er godt bevarte døme på ei verksemd som i ein periode var svært viktig for regionen. Arbeidarbustader, funksjonærbustader og direktørbustad speglar den sosiale strukturen i den tidlege industristaden.

Tradisjonelt skogbruk og treforedlingsindustri har vore eit viktig næringsgrunnlag for gardbrukarar og gitt industriarbeidsplassar til tidlegare husmenn og småbrukarar. På 1920- og 30-talet kom delar av arbeidarlassen, hovudsakleg skogsarbeidarar, i konflikt med det lokale næringslivet, stort sett skogeigarar. Årsaka til den såkalla Randsfjord-konflikten var eit dramatisk fall i tømmerprisane frå 1921-22, men konflikten gjaldt prinsipielt organisasjons- og forhandlingsretten. Han varte frå 1929 til 1936 og fekk langvarige etterverknader for forholdet mellom folk i bygda.

LANDSKAPSKARAKTER

Innsjøen Randsfjorden dannar eit stort, ope landskapsrom sentralt i området. Viktige menneskeskapte landskapselement er store gardar langs breiddene. Forholdsvis lite jordbruksareal ved gardane vitnar om samanhengen med store skogeigedommar. Utstikkarane til området i aust og vest følgjer vassdraga til Lomsdalselva og Fallselva. Her har dei naturlege føresetnadene påverka bruken og bygde element: Fossefall har gitt grunnlag for industri og tettstadsvekst ved Fallselva. Gode forhold for fløyting og lange, samanhengande vassveggar i Lomsdals-vassdraget har gitt eit mangfald av kulturminne knytte til fløyting.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet med godt bevarte kulturminne på begge sider av Randsfjorden fortel den heilskaplege historia om skogbruket si produksjonslinje, frå tømmerhogst til fløyting til trebasert industri og transport av varer for sal. I tillegg rommar landskapet bygningsmiljø og andre kulturminne etter det samfunnet denne verk-

semnda var ein del av. Viktige forteljingar i nasjonal samanheng er perioden med økonomisk oppgang, teknologioptimisme og industrivekst, og dessutan den vanskelege historia om då den økonomiske veksten stagnerte, med konflikter mellom skogeigarar og arbeidarar. Randsfjord-konflikten blir rekna som ein av dei hardaste og lengste av ei rekkje slike konflikter i mellomkrigstida.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING


Lomsdalselva med nedbørsfelt vart eit varig verna vassdrag i 1973 (verneplan I). Kulturminneverdiar inn-gjekk i vernegrunnlaget. Store delar av området og mange av kulturminna er innarbeidde i kommunens kommunedelplanen for kulturminne (2019).

Ein del av bygningsmiljøa er sårbare for endring og forfall ved at dei går ut av bruk. Utsette bygningstypar er dei store einskapslávane, eldre uthus, tidlegare husmannsplassar og koier. Enkelte husmannsplassar og koier blir òg nytta som fritidsbustad og er sårbare for endring som følgje av dette. Kulturminne i eller nær vassdraga kan vere sårbare for skade ved flaum. Fabrikbygningane på Skrankefoss og Land tresliperi er framleis i bruk. Eventuell endring av bygningsmassen bør ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane.

KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegnar til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast og dyrka mark på gardane haldast i hevd.
- > Element som underbyggjer karakteren i det historiske landskapet, bør takast vare på, slik som kulturminne knytte til heile produksjonslinja frå hogst til fløyting og treforedling, i tillegg til bygningar knytte til både eigarar og arbeidarar.
- > Istandsetjing av utsette bygningar og anleggstypar som skogskoier med stall, fløytingsdammar, attverande fabrikklegg og store einskapslávane bør prioriterast.
- > Tiltetteleggingstiltak knytte til opplevingar langs Fallselva og Lomsdals-vassdraget bør utarbeidast i samråd med kommunen og aktuelle frivillige foreiningar.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima og konkrete vurderingar knytte til fare for erosjons- og flaumskadar, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.





Jordbrukslandskap sør i området. Oppe på åskammen ligg dei freda Balkegardane og Balke kirke frå mellomalderen. Til venstre i framkant ligg Rognstad som òg er freda. Foto: Irene Skauen Sandodden, Innlandet fylkekommune

17. Balke – Lillo og Kapp

Mjøsas rike jordbrukslandskap

Østre Toten kommune

Areal: 30,9 km²

Området ligg i landskapsregion 8) innsjø og silurbygdene på Austlandet

(Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området ligg på vestsida av Mjøsa og aust for rv. 4. Det omfattar sentrale busetjingsområde på Toten, frå den gamle sundstaden i Totenvika i sør til bryggjeanlegga på Kapp i nord. Landskapet ligg på ein terrengrygg som vender ut mot Mjøsa og Helgøya.

SKILDRING

Landskapet inngår i kambrosilurbygdene rundt Mjøsa og Randsfjorden og er prega av vide, bølgjande sletter og slake åsar. Nemninga «kambrosilurbygdene» kjem av at området har mykje kambrosiluriske bergartar som lett forvitrar og skaper næringsrik morenejord. Dette jordmonnet er svært gunstig for jordbruksdrift.

Busetjinga i landskapet går tilbake til yngre steinalder. Funn rundt Lena og Hoffsvangen vitnar om at dette var eit viktig politisk og økonomisk sentrum i jernalderen, og fleire gardar har vore svært velståande. På garden Gile er det eit gravfelt med over 90 gravminne, der det er gjort ei mengd gjenstandsfunn. Særleg er funna frå romersk jernalder (0–400 e.Kr.)

spektakulære, både når det gjeld mengd, konsentrasjon og type kulturminne. Det er òg rike funn frå vikingtida. Rune- og biletsteinane frå Alfstad, Stabo og Gile stadfestar at området hadde ein sentral posisjon i yngre jernalder. Også dei to steinkyrkjene frå mellomalderen på Hoff og Balke er uttrykk for dei rike ressursane i området.

Dei viktigaste spora frå jernalderen er funne oppe på terrengryggen frå Stabo, via Alfstad og Lillo, Hoff og Gile og ned til Balke og Dyren. Dette området ligg noko tilbaketrekt frå Mjøsa. Funn tyder på at arealet langs innsjøen i mindre grad var prega av sentralgardar med makt i jernalderen.

På 1700- og 1800-talet etablerte fleire offentlege tenestemenn seg i området, med inntekt frå både embetsgjerning og gardsdrift. På embetsmannsgardane og dei rikaste gardane vart det bygd store, staselege midtgangbygningar. Mange av desse våningshusa er rappa, ein teknikk der tømmerbygningar er overflatebehandla med leire og overmåla med kalkmåling. Leire og kalk er truleg funne lokalt. Fleire salar på gardar i området er dekorerte av kunstnaren Peder Balke. På gardane Vestre og Østre Balke, Billerud, Hoff prestegård og Rognstad står til saman ni freda bygningar. I tillegg finst det fleire bevarte tidlegare husmannsplassar, småbruk, bu-

reisingsbruk og arbeidarbustader. Det er fleire førekomstar av artsrike, kulturpåverka naturtypar i området.

Mjøsa har vore ei naturleg hovudferdselsåre, der folk har brukt båt på sommarstid og hesteskyss over isen på vinteren. Heilt sør i området ligg den såkalla Kongsstøa i Sundvika nedanfor garden Dyren. Hamna er nemnd i 1600-talskjelder, men har truleg røter tilbake til mellomalderen. I nyare tid har bryggjemiljøet på Kapp vore eit viktig knutepunkt for ferdsel på Mjøsa, og fleire av dei gamle bryggjeanlegga er bevarte. Her ligg kongsbåtbryggja Talloddenbryggja frå 1600-talet, som vart brukt av bøndene som hadde plikt til å skyss offentlege personar. Smørvikbryggja frå tidleg 1800-tal ligg der framleis. I 1885 vart ho erstatta av Kapp brygge då Vikens Dampskip Selskap etablerte pakk- og ekspedisjonshus der. I samband med at MF «Hamar–Kapp ferjen» vart sett i rute i 1951, vart det i tillegg bygd ei eiga ferjebryggje.

På land finst eldre vegfar som er bevarte frå Sundvika og vestover, og mellom Balke og Hoff har vegen holvegpreg. I den vestlege delen av området kjem Kjelvegen inn, ein gammal ferdselsveg over «Femmilsskogen» mellom Hadeland og Toten.

Mjølkefabrikken på Kapp vart etablert i 1889 og produserte usukra kondensert mjølk på blekkboks –



Den freda hjuldamparen Skibladner har lagt til bryggja ved Kapp Melkefabrikk. Foto: Mjøsuseet

Viking Melk. Nestlé kjøpte opp produksjonen i 1898, og dette var den første staden firmaet etablerte seg utanfor Sveits. Fabrikken var den største arbeidsplassen i kommunen, men vart nedlagd i 1928. I dag husar han mellom anna Kulturskolen Mjølkefabrikken og funksjonar for Mjøsmuseet.

Etter krigen vart jordbruket i området i stor grad lagt om frå korn- og mjølkeproduksjon til grønnsaksdyrking. Dagens jordbruk er prega av potet- og grønnsaksproduksjon og noko husdyrhald. Området har store oppdyrka areal, karakteristisk for det moderne jordbrukslandskapet.

Området må òg sjåast i samanheng med den rike kulturhistoria på den andre sida av Mjøsa, med Helgøya og Hamar domkirke som viktige element.

LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet er prega av vide, bølgjande sletter og slake åsar og er kjenneteikna av rikt og frodig stor-skala jordbruksland. På avstand verkar det som ein mosaikk mellom store åkrar, busetnad, vegar, skogholt og kantsoner. Landskapet vender seg ned mot Mjøsa, der bryggjemiljøet på Kapp og sundstaden i Totenvika understrekar kor viktig det var å ha kontakt med innsjøen som ressurs og transportveg. Dei mektige storgardane og kyrkjemakta har etablert seg på toppen av terrengryggen, og dei mange godt bevarte gravminna, mellomalderkyrkjene, rune- og biletsteinane og storgardsbygningane gjer at vi framleis kan lese den rike historia til området.

NASJONAL INTERESSE

Landskapet fortel ei lang historie, der maktkonsentrasjon, storgardar, kyrkje og embetsverk er sentrale innslag. Næringsgrunnlaget i det rike jordsmonnet og den sentrale plasseringa ved Mjøsa, har gjort dette til eit viktig område på Austlandet. Store verdiar er knytte til spor etter maktstrukturar i jernalderen og tidleg mellomalder, og til embetsverk og borgarskap frå 1700–1800-talet. Det er mange freda bygningar i området, fleire med dekorasjonar av kunstnaren Peder Balke, ein av dei viktigaste landskapsmålarane i Noreg på 1800-talet. Området må òg sjåast i samanheng med den rike kulturhistoria på den andre sida av Mjøsa, med Helgøya og Hamar domkirke som viktige element.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Området Balke–Lillo vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. KULA-landskapet inkluderer i tillegg Kapp og bryggjemiljøet her, for å understreke kor viktig det er at landskapet har tilknytning til Mjøsa.


Området er sårbart for omleggingar i landbruket som fører til behov for nye og større driftsbygningar med store manøvreringsareal rundt. Slike bygningar endrar inntrykket av dei gamle gardstuna og fører ofte til at ein ønskjer å rive eldre driftsbygningar. Enkelte delar av området er utsette for utbyggingspress. I tettstader og grender er det utfordrande å finne balansen mellom bevaring, vitalisering av kulturmiljø, verdiskaping og behovet for nye bustader, offentlege tenestebygg og næringsbygg.

Området Balke – Lillo er avsett med omsynssone c) i kommuneplanens arealdel (2018–2030), og kommunedelplan for Lena (2008–2020).

Heile KULA-området, inkludert Kapp, bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel.
- > Ny busetnad bør tilpassast den tradisjonelle busetnaden både i plassering, volum, form og materialval.
- > Nye driftsbygningar bør plasserast og utformast på ein måte som tek mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø – særleg ved freda og verneverdige gardstun som ligg godt synlege i landskapet.
- > Det bør stimulerast til framleis jordbruksdrift, for å hindre attgroing og sikre at området beheld karakteren sin.
- > Bryggjemiljø og industrimiljø på Kapp bør forvaltaast slik at dei kulturhistoriske verdiane blir bevarte.
- > Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.



18. Granavollen, Tingelstadhøgda og Røykenvik

Jordbrukslandskap og maktsenter med stor tidsdjupn

Gran kommune

Areal: 44,7 km²

Området ligg i landskapsregion 8) innsjø- og silurbygdene på Austlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO).

PLASSERING

Området ligg i eit stort landskapsrom på Hadeland på eit høgdedrag mellom Randsfjorden i nordvest og til og med Jarenvatnet i søraust. Det ligg vest for tettstadene Brandbu, Jaren og Gran, strekkjer seg til nordsida av vatnet Mæna og Brandbukampen i nord, og til Buhammaren, Granåsen og Gammehaugen i sør.

SKILDRING

Det bølgjande mosaikklandskapet vekslar mellom frodige jordbruksareal, skog og våtmarksmiljø med store naturverdiar. Landskapet rundt Røykenvik er relativt storskala, med stor vasspegel og lange lisider.

Tingelstadhøgda og Granavollen har eit småkupert landskap som vekslar mellom opne landskap med vidt utsyn og mindre, avgrensa landskapsrom. Området inngår i kambrosilurbygdene rundt Mjøsa og Randsfjorden, som på grunn av næringsrik morenejord med kambrosiluriske bergartar har hatt særleg gode føresetnader for jordbruksdrift.

Funn av steinøkser viser at det var jordbruksdrift i området alt i yngre steinalder. To bronselurar som er funne ved Nes i Røykenvik, og dessutan flintdolkar og steinar med skålgroper, gir glimt inn i busetjinga i bronsealderen. Den store mengda kulturminne frå jernalderen teiknar eit bilete av eit samfunn der makt og rikdom sette sitt preg på landskapet. Steinringen på Bilden, gravminne, dyrkingsspor, konsentrasjonar av kokegroper og moglege tufter viser dette.

Heile tre steinkyrkjer på Granavollen og Tingelstadhøgda, og dessutan eit profant steinhus knytt til



Granavollen med Søsterkyrkjene, Kongevegen, Granavollen gjestgiveri, kommunehuset og kyrkjestallen er eit viktig kulturmiljø i det historiske jordbrukslandskapet. Foto: Nilsson Cinematics

prestegarden, vitnar om eit religiøst maktsenter i mellomalderen. Det finst òg tufter etter tidlegare stavkyrkjer på Dvergsten og Grindåker. Granavollen har vore eit viktig religiøst, politisk og kulturelt senter langt tilbake i tid. Sentralt i kulturmiljøet her ligg Mariakirken og Nikolaikirken frå 1100-talet, kalla Søsterkyrkjene. Eit av hjørnetårna (stopulen) i ein opphavleg høg ringmur er framleis bevart. Ei godt bevart strekning av Den bergenske kongevegen går forbi Søsterkyrkjene, vidare nordover til den romanske mellomalderkyrkja Tingelstad gamle kyrkje frå 1200-talet på Tingelstadhøgda og vidare til Brandbu. Truleg er vegfaret her enda eldre. Det knytte dei store gardane og kyrkjestadene i området saman. Veggen følgjer heile høgderyggen over Granavollen og Tingelstad og er ein del av dagens tilrettelagde pilgrimsveg.

På motsett side av kyrkjevangen frå Søsterkyrkjene ligg Granavolden Gjæstgiveri, med tre freda bygningar. Her var det skysstasjon alt på 1600-talet, og i 1716 fekk eigaren kongeleg privilegium til å drive gjæstgiveri etter innsatsen sin i trefninga med svenske styrkar på Harestua under den store nordiske krigen. Tett inntil gjæstgiveriet ligg framleis gardstun med busetnad frå førre hundreårsskifte. Telthuset på Granavollen vart oppført litt nord for Søsterkyrkjene på 1700-talet og dannar saman med kyrkjer og kyrkjevang, kongeveg, gjæstgiveri og prestegard eit heilskapleg kulturmiljø frå denne tida. Den norske hæren som vart oppretta i 1628, var basert på eit system der gardane gjekk saman i legder som kvar utrusta ein soldat. Øvingane

gjekk først føre seg på kyrkjebakken etter kyrkjetid. På 1700-talet kom eigne ekserserplassar, og det vart bygd eigne telthus for lagring. I kulturmiljøet på Granavollen inngår også kommunehus frå 1846, ein kyrkjestall frå 1930-talet og eit samvirkelag frå 1950-talet.

I vest, litt utanfor det sentrale bygningsmiljøet, ligg Gran prestegard med steinhuset frå 1200-talet og ein rekonstruert prestehage frå 1700-talet, og i nord ligg presteenkesetet Sjo frå slutten av 1700-talet. Aasmund Olavsson Vinje døydd på Sjo under eit besøk i 1870 og er gravlagd ved Søsterkyrkjene.

I kulturmiljøet nær Tingelstad gamle kyrkje ligg òg nye Tingelstad kirke frå 1866, og Klokkerlåven, bygd med materiale frå stavkyrkja på Grindåker. Landskapet her er òg prega av Hadeland Folkemuseum, med om lag 30 antikvariske bygningar.

På Nes i Røykenvika står ei korskyrkje frå 1730. Denne kyrkja erstatta i si tid ei steinkyrkje frå mellomalderen, truleg frå 1100-talet. På grunn av plasseringa var ved Randsfjorden var det i Røykenvik på 1800- og 1900-talet eit lite sentrum, med handel og knutepunkt for samferdsel, med togstasjon og dampskipsbrygge. Tømmertransporten på Randsfjorden var viktig. Det var brenneri her frå 1856 til 1978. Nokre bygningar står att frå denne tida.

I dag er området eit heilskapleg jordbruksområde med 246 landbrukseigedommar der det blir drive eit aktivt og variert jordbruk med produksjon av korn, gras, potet, grønsaker og bær. 49 av desse har husdyrdrift



I dei gamle bygningane til Hadeland brenneri i Røykenvika er det no kafé og restaurant. Gardstuna på Øvre Nes i bakgrunnen. Foto: Nilsson Cinematics

med sau, mjølkeku, storfe, gris, høns eller hest. Mange av gardane har godt bevarte freda og verneverdige bygningsmiljø. Her er staselege midtkammerbygningar, store, forseggjorde stabbur og store, raudmåla kombinerte driftsbygningar. I tillegg ligg enkelte tidlegare husmannsplassar innanfor området. Eit stort nettverk av småveggar og gamle fegater i området har vore aktivt tilrettelagde og skilta sidan 1990-talet.

LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet vekslar mellom frodige jordbruksareal, skog og våtmarker. Det er eit kupert mosaikklandskap med store lokale variasjonar mellom ope landskap med vidt utsyn og mindre, lukka landskapsrom. Den næringsrike morenejorda med kambrosilurske bergartar, eit aktivt jordbruk med allsidig bruk og relativt stor tettleik av beitedyr bidreg til variasjonen og mangfaldet i landskapet. Gamle, intakte vegtraséar dannar viktige linjeelement i landskapet. Mellomalderkyrkjene, steinhuset, dei staselege gardsbygningane, steinringen og dei mange godt bevarte gravminna gjer at den rike historia til området framleis er lesbar.

NASJONAL INTERESSE

Området representerer eit sentralt, historisk jordbrukslandskap i kambrosilurområdet her i landet. Mengda av kulturminne i landskapet gir innblikk i eit område som har hatt ein svært sentral posisjon heilt frå bronsealderen, og vidare opp gjennom jernalderen og mellomalderen. Steinhuset på prestegarden er den einaste attverande profane, heile steinbygningen frå mellomalderen utanfor byane i Noreg. I tillegg har området ein unik konsentrasjon av forhistoriske kulturminne, med tre mellomalderkyrkjer som dei mest synlege i landskapet. Ferdseveggar som Den bergenske kongevegen og dagens jordbrukslandskap, med velhaldne areal og gardstun med godt bevarte våningshus, stabbur og raude låvar, bidreg ytterlegare til at landskapet har nasjonal interesse. Området ligg sentralt og lett tilgjengeleg, og mange av kvalitetane er visuelt lette å oppdage.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

Strekninga av *Den bergenske kongevegen* gjennom store delar av området inngår i Statens vegvesens nasjonale verneplan. To naturreservat og eit fuglefredingsområde ligg innanfor området. Her gjeld verneforskriftene, og statsforvaltaren har forvaltningsansvaret. Granavollen–Tingelstad-området vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. Dette området, med Røykenvika i tillegg, er sidan 2020 med i den landsomfattande satsinga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket», ei tilskotsordning basert på spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturminne-


forvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med brukarane i området. Det er utarbeidd eigen forvaltningsplan (2019) for området, og det blir tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtselstiltak som mellom anna tek vare på kulturarven. KULA-området har same avgrensing.

Området er sårbart for omleggingar i landbruket som skaper behov for nye og større driftsbygningar med store manøvreringsareal rundt, noko som endrar inntrykket av dei gamle gardstuna og ofte fører til at ein ønskjer å rive eldre driftsbygningar. Det er eit press for å fjerne restareal og kantvegetasjon for å oppnå betre arronderte jordbruksareal. Mange småbiotopar registrerte som viktige for biologisk mangfald er utsette for attgroing og andre endringar. Tilstanden til bygningsmiljøa er varierende. Våningshus og stabbur er i god stand, men dei store kombinerte driftsbygningane og andre mindre uthusbygningar som ikkje lenger er i bruk, er meir utsette for forfall. Spreidd bustadbygging vil kunne svekke heilskapsinntrykket av området som jordbrukslandskap.

Granavollen–Tingelstad-området er avsett med omsynssone c), med særleg omsyn til landskap, i kommuneplanens arealdel (2019), med tilhøyrande retningslinjer. KULA-området bør haldast ved like som omsynssone c) i kommuneplanens arealdel, men utvidast til å omfatte området i Røykenvika. Det bør utarbeidast retningslinjer for omsynssona og dessutan generelle føresegner til kommuneplanens arealdel for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- > I området bør det takast omsyn som er definerte i eksisterande omsynssone i kommuneplanens arealdel.
- > Ny busetnad bør tilpassast den tradisjonelle busetnaden både i plassering, volum, form og materialval.
- > Ein bør prioritere å setje i stand bygningar som ikkje er i aktiv bruk og er utsette for forfall. Ei tilstands-/verdivurdering av alle SEFRAK-bygningar vil gi grunnlag for målretting og prioritering.
- > Nye driftsbygningar bør plasserast og utformast på ein måte som tek mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø – særleg ved freda og verneverdige gardstun som ligg godt synlege i landskapet.
- > Biologisk verdifulle restareal og kantvegetasjon og dessutan småbiotopar som er utsette for attgroing, bør takast vare på.
- > Vedlikehald/opprusting og skilting av gutuer/veggar og rasteplassar/utsiktspunkt bør prioriterast.
- > Bygge- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.



Riksantikvaren

Pb. 1483 Vika, 0116 Oslo

Besøksadresse / Dronningens gate 13

Tlf. / 22 94 04 00

Faks / 22 94 04 04

E-post / postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no